

FFI RAPPORT

ER CIVIL INFRASTRUKTUR SANNSYNLIGE MÅL FOR TERRORGRUPPER I FREDSTID? Nokre førebelse konklusjonar om terrorisme som tryggingpolitisk utfordring i Norge

LIA Brynjar

FFI/RAPPORT-2000/01703

FFISYS/776/161.1

Godkjent
Kjeller 26 mai 2000

Jan Erik Torp
Forskningsjef

**ER SIVIL INFRASTRUKTUR SANNSYNLIGE
MÅL FOR TERRORGRUPPER I FREDSTID? Nokre
førebelege konklusjonar om terrorisme som
tryggingspolitisk utfordring i Norge**

LIA Brynjar

FFI/RAPPORT-2000/01703

FORSVARETS FORSKNINGSINSTITUTT
Norwegian Defence Research Establishment
Postboks 25, 2027 Kjeller, Norge

1) PUBL/REPORT NUMBER FFI/RAPPORT-2000/01703 1a) PROJECT REFERENCE FFISYS/776/161.1	2) SECURITY CLASSIFICATION UNCLASSIFIED 2a) DECLASSIFICATION/DOWNGRADING SCHEDULE -	3) NUMBER OF PAGES 32												
4) TITLE ER SIVIL INFRASTRUKTUR SANNSYNLEGE MÅL FOR TERRORGRUPPER I FREDSTID? Nokre førebelse konklusjonar om terrorisme som tryggingspolitisk utfordring i Norge IS CIVILIAN INFRASTRUCTURE LIKELY TARGETS FOR TERRORIST GROUPS IN PEACE TIME? Some Preliminary Conclusions On Terrorism as a Security Policy Challenge in Norway														
5) NAMES OF AUTHOR(S) IN FULL (surname first) LIA Brynjar														
6) DISTRIBUTION STATEMENT Approved for public release. Distribution unlimited. (Offentlig tilgjengelig)														
7) INDEXING TERMS <table border="0"> <thead> <tr> <th>IN ENGLISH:</th> <th>IN NORWEGIAN:</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>a) <u>Terrorism</u></td> <td>a) <u>Terrorisme</u></td> </tr> <tr> <td>b) <u>Sabotage</u></td> <td>b) <u>Sabotasje</u></td> </tr> <tr> <td>c) <u>Civilian infrastruckture</u></td> <td>c) <u>Sivil infrastruktur</u></td> </tr> <tr> <td>d) <u>Weapons of Mass Destruction</u></td> <td>d) <u>Masseødeleggingsvåpen</u></td> </tr> <tr> <td>e) <u>Cyberterrorism</u></td> <td>e) <u>Dataterroisme</u></td> </tr> </tbody> </table>			IN ENGLISH:	IN NORWEGIAN:	a) <u>Terrorism</u>	a) <u>Terrorisme</u>	b) <u>Sabotage</u>	b) <u>Sabotasje</u>	c) <u>Civilian infrastruckture</u>	c) <u>Sivil infrastruktur</u>	d) <u>Weapons of Mass Destruction</u>	d) <u>Masseødeleggingsvåpen</u>	e) <u>Cyberterrorism</u>	e) <u>Dataterroisme</u>
IN ENGLISH:	IN NORWEGIAN:													
a) <u>Terrorism</u>	a) <u>Terrorisme</u>													
b) <u>Sabotage</u>	b) <u>Sabotasje</u>													
c) <u>Civilian infrastruckture</u>	c) <u>Sivil infrastruktur</u>													
d) <u>Weapons of Mass Destruction</u>	d) <u>Masseødeleggingsvåpen</u>													
e) <u>Cyberterrorism</u>	e) <u>Dataterroisme</u>													
THESAURUS REFERENCE: 8) ABSTRACT The report discusses terrorism as a security policy challenge in Norway. It gives a broad survey of recent trends in terrorism and briefly discusses the potential for weapons of mass destruction terrorism. The report also touches upon the possible relationship between terrorism and participation in peace support operations, and the potential of sabotage by terrorist groups against the petroleum sector. In light of the recent debate on emerging threats associated with critical infrastructure and information systems, this report surveys the debate on cyberterrorism threats against critical infrastructure. It further discusses to what extent civilian infrastructure has been targeted by terrorist groups in the past. Based on a number of statistical surveys of terrorist attacks, the report concludes that civilian infrastructure has rarely been targeted by terrorist groups. Although the potential for attacks against civilian infrastructure cannot be excluded, such sabotage attacks are generally much more likely in an internal civil war situation, than in peace time. The report concludes by recommending more attention to preventing mass casualty terrorism, which has become somewhat more prevalent over the two past decades.														
9) DATE 26 May 2000	AUTHORIZED BY This page only Jan Erik Torp	POSITION Director of Research												

INNHOOLD

	Side	
1	INNLEIING	7
2	KVA ER TERRORISME?	8
3	NORGE SOM TERRORMÅL	9
4	TERRORISME — TRENDAR OG UTVIKLINGSTREKK	11
4.1	Meir dødelege formar for internasjonal terrorisme	13
4.2	Masseøydeleggingsvåpen og terrorisme	13
4.3	Politiske endringar som kan påverke førekomsten av terrorisme	14
5	TERROR- OG SABOTASJEÅTAK MOT SIVIL INFRASTRUKTUR	16
5.1	Cyberterroråtak mot infrastruktur	16
5.2	Er sivil infrastruktur populære terrormål i fredstid?	17
5.2.1	Radikal miljø- og dyrevernaktivisme	18
5.2.2	Førekomsten av terroråtak på infrastrukturmål	19
5.3	Terrorisme og internasjonale fredsoperasjonar	22
5.4	Olje- og gassinallasjonar som terror- og sabotasjemål	23
6	UTFORDRINGAR FOR NORSKE STYRESMAKTER	24
7	LITTERATURLISTE	26
	Fordelingsliste	31

ER SIVIL INFRASTRUKTUR SANNSYNLIGE MÅL FOR TERRORGRUPPER I FREDSTID? Nokre førebelse konklusjonar om terrorisme som tryggingpolitisk utfordring i Norge

1 INNLEIING

Fokuset på terrorisme som tryggingpolitisk utfordring har auka etter at den kalde krigen tok slutt.¹ Ei rekkje nasjonar i NATO-alliansen, i første rekkje USA, understrekar sterkare enn nokon gong det trugsmålet som terrorisme kan representere. I NATO-samanheng har USA ivra for at bekjemping av terrorisme må bli ei ny oppgåve for Alliansen.² Årsakene til dette er ikkje berre at bortfallet av den strategiske utfordringa frå aust har ført til ei re-orientering mot det som tidlegare var underordna trugsmål. Som vi skal sjå, er det fleire utviklingstrekk som kan tyde på at terrorisme i nokre tilfelle kan framstå som ei meir strategisk og nasjonal tryggingutfordring enn tidlegare. I første rekkje er dette knyta til den aukande faren for terrorisme med masseøydeleggingsvåpen (MØV) og det aukande potensialet for omfattande åtak på kritisk infrastruktur.³

Denne rapporten bygger i hovudsak på eit notat som vart skriven på oppdrag frå Sårbarhetsutvalet og tok sikte på å gi eit kort oversyn over terrorisme som tryggingpolitisk utfordring med vekt på endringar i utviklinga innan internasjonal terrorisme, terrortrugsmålet i Norge og kva hovudutfordringar norske styresmakter kan stå overfor når det gjeld handteringa av denne type trugsmål. Rapporten er skriven innanfor rammene av FFI sitt forskningsprosjektet “Terrorisme og asymmetrisk krigføring (TERRA)” som vart påbegynt 1 mars 1999 og skal avsluttast 31 juni 2001.⁴

¹ Forfattere rettast ein takk til Dr Jan Oskar Engene ved Universitetet i Bergen for nyttige kommentarar og konstruktiv kritikk av eit tidlegare utkast til denne rapporten.

² “Washington Summit Initiative: Combating Terrorism — A New NATO Mission Area”. US Policy Paper, desember 1999.

³ Den aukande faren for terrorisme med MØV er den viktigaste årsaka til at terrorisme blir sett på som ei viktigare utfordring for NATO enn tidlegare. Todd Sandler, “The Future Challenges of NATO: An Economic Viewpoint”, *Defense and Peace Economics* 8 (4) (1997), s.326.

⁴ Andre publikasjonar på prosjektet inkluderer

- Brynjar Lia og Annika S Hansen, “Analytical Framework for the Study of Terrorism and Asymmetric Warfare”, *FFI-REPORT 99/04218* (oktober 1999);
- Brynjar Lia og Annika S Hansen, “Globalisation and the Future of Terrorism: Patterns and Predictions”, *FFI-REPORT 2000/01704* (juni 2000);
- Brynjar Lia og K H-W Skjølberg, “Why Terrorism Occurs - A Review of Research Literature on the Causes of Terrorism”, *FFI/RAPPORT-2000/02769* (Kjeller: Forsvarets Forskningsinstitut, juni 2000);
- Brynjar Lia og Annika S Hansen, “Asymmetri .. asymmetriske trusler .. asymmetrisk krigføring – Ein gjennomgang av bruken av asymmetribegrepet i tryggingpolitisk og militærteoretisk litteratur”, *FFI-RAPPORT 2000/01718*, juni 2000;
- Brynjar Lia, “Aspects of Contemporary International and Domestic Terrorism”, Key Note Speech på NATO/EAPC-seminar i Tasjkent, Uzbekistan 7 – 8 oktober 1999 om “Co-operation for Security and Stability in Central-Asia”;
- Brynjar Lia og Annika S Hansen, “Reiserapport frå ‘Senior Executive Course on Terrorism and Counterterrorism’ ved George C Marshall Center for Security Studies, Garmisch Partenkirchen, Tyskland 13-24 september 1999, *FFI-REISERAPPORT – 99/0000* (november 1999);
- Annika S Hansen, “Lines in the Sand: Limits and Boundaries of Peace Support Operations,” i Mark Malan (ed) *Boundaries of Peace Support Operations: The African Dimension* (ISS Monograph Series No. 44, February 2000, Institute for Security Studies: Pretoria), pp. 7-29;

2 KVA ER TERRORISME?

Det finst ingen allment akseptert definisjon på terrorisme. Ein anerkjent studie av europeisk terrorisme bruker følgjande definisjon: “en kalkulert frambringelse av frykt for skade eller død hos en gruppe, frambragt av bruk eller trussel om bruk av vold.”⁵ Terrorisme kan definerast meir nøyaktig ved å seie kva det ikkje er. Det skil seg frå geriljakrigføring ved at ei terrorgruppe i hovudsak ikkje siktar mot å ta kontroll over territorium, samt at ei terrorgruppe i større grad enn geriljarørslar fokuserer på sivile mål utan direkte militær betydning. Skiljet er likevel svært flytande, og valet mellom geriljakrigføring og terrorisme er oftast basert på reint taktiske geografiske og terrengmessige omsyn. Terrorisme skil seg også frå organisert og valdeleg kriminalitet ved at handlingane er i første rekkje retta mot staten, regimet og styresmaktene, involverer i første rekkje organiserte grupperingar og ikkje primært har økonomisk vinning som mål. Terrorismebegrepet har ofte blitt brukt i tydinga “illegitim vald” i første rekkje politisk motivert vald av ikkje-statlege grupper retta mot liberale vestlege demokrati. Paradoksalt nok blir organisert vald mot ein autoritær stat av opposisjonsrørslar som nyt stor folkeleg stønad ofte ikkje kalla terrorisme. Dette gjeld spesielt dersom valdshandlingane får eit stort omfang og eskalerer til borgarkrig.⁶

Terrorisme er eit problematisk omgrep å nytte i samfunnsvitskapleg forskning av ulike årsaker. Terrorisme er *ikkje eit nøytralt omgrep*, men vekker sterke negative assosiasjonar og blir mykje nytta i politisk propaganda. Forskingsresultat som omhandlar terrorisme er såleis i ein viss grad *politisk sensitive*. Mange vil derfor ha sterke interesser av å ha innverknad på kva type aksjonar og grupper som fell inn under definisjonen på terrorisme. Eit viktig verkemiddel i USAs kontraterrorisme-politikk er US Department of State sin årlege rapport *Patterns of Global Terrorism* som blant anna peikar ut dei statane som gir stønad til internasjonal terrorisme og dermed vil bli råka av sanksjonstiltak. Desse inkluderer i dag Cuba, Nord-Korea, Iran, Irak, Syria, Libya og Sudan, medan Afghanistan og til dels Pakistan lenge stod i fare for å bli med på årets liste.⁷ Kriteria for å bli inkludert i eller fjerna frå denne lista med dei straffetiltaka som medlemskapet medfører er relativt uklare. Det er ei utbreidd oppfatning at politiske omsyn tål vel så mykje som objektive kriteria.⁸ Under Den kalde krigen vart USA ofte kritisert av sine eigne regimekritikarar for sjølv å støtta internasjonal terrorisme, bl a ved å gi våpentrening og pengestønad til kontrarevolusjonære og antikommunistiske rørslar som til dømes Contras i Latin-Amerika.⁹

Mykje av terrorismelitteraturen er ikkje forskningsbasert i streng forstand; i staden er den ofte

— Brynjar Lia, “Reiserapport frå NATO/EAPC-seminar i Tasjkent 7 -8 oktober 1999 om "Samarbeid for tryggleik og stabilitet i Sentral-Asia”, *FFI-REISERAPPORT – 99/05101* (oktober 1999).

⁵ J O Engene, *Europeisk terrorisme: Vold, stat og legitimitet* (Otta: Tano, 1994), s.29.

⁶ Adrian Guelke, *The Age of Terrorism and the International Political System* (London and New York: I. B. Tauris, 1995, 1998).

⁷ US Department of State, *Patterns of Global Terrorism: 1999 - Overview of State-Sponsored Terrorism*.

⁸ Sjå diskusjonen i Brynjar Lia og Annika S Hansen, “Reiserapport frå 'Senior Executive Course on Terrorism and Counterterrorism' ved George C Marshall Center for Security Studies, Garmisch Partenkirchen, Tyskland 13-24 september 1999, *FFI-REISERAPPORT – 99/0000* (november 1999).

⁹ Sjå f eks Noam Chomsky, “International Terrorism: Image and Reality”, *Crime and Social Justice* Nr 27-28 (1987), s.172-200 og Edward S Herman, “U.S. Sponsorship of International Terrorism: An Overview”, *Crime and Social Justice* Nr.27-28 (1987), s.1-31.

“forteljande, fordømande og preskriptiv” og manglar teoretisk analyse.¹⁰ Debatten om *ein person sin fridomskjempar er for ein annan person terrorist* er stadig tilbakevendande. Med andre ord, kan spørsmålet om ei handling er terrorisme eller ikkje ofte vere eit spørsmål om ideologisk ståstad. Dei fleste definisjonar inneheld som oftast eit eller fleire av følgjande element:

- i. Terrorisme er ein militær og politisk *strategi* som blir knyta hovudsakleg til *ikkje-statlege aktørar*¹¹;
- ii. Terrorisme involverer systematisk vald (ofte ein kampanje) retta mot eit breiare publikum der *mål og offer ikkje er samanfallande*;
- iii. Terrorisme blir brukt for å oppnå hovudsakleg *politiske mål*;
- iv. Aksjonane er planlagde og regisserte for å bli oppfatta som *høgst unormale, ekstraordinære hendingar*. Terrorisme er med andre ord “politisk kommunikasjon”, terroristhendinga er eit “teater”. Målet er å utnytte sjokket og overraskingsmomentet som følgjer handlinga (“terrorismens koreografi”).¹²

Ein deler ofte terrorisme inn i ulike kategoriar, jamvel om grensene mellom dei kan vere uklare:

- i. etnisk-nasjonalistisk terrorisme;
- ii. ideologisk terrorisme, anten venstreradikal eller høgre-radikal;
- iii. religiøs terrorisme;
- iv. ein saks terrorisme, dvs grupper som tyr til terrorhandlingar for å fremje spesielle einskildsaker, først og fremst saker som abortmotstand, miljøvern og dyrerettar;
- v. individuell terrorisme, eller det nokre kallar “amatør”-terrorisme, dvs terrorhandlingar av einskildpersonar, eller personar utan tilknytning til ei etablert terrorrørsle.

Ei anna inndeling er skiljet mellom internasjonal og innanlandsk terrorisme. Ei internasjonal terrorhandling blir definert som ei terrorhandling som involverer personar frå meir enn ein stat. Merksemda omkring internasjonal terrorisme har vore relativt mykje større enn når det gjeld innanlandsk terrorisme, jamvel om talet på internasjonale terrorhandlingar i Europa tradisjonelt har vore berre ein brøkdel av den innanlandske terrorismen. Framveksten av internasjonal terrorisme blir oftast datert attende til rundt 1970. Den viktigaste kjelda til internasjonal terrorisme har tradisjonelt vore konfliktane i Midtausten.

3 NORGE SOM TERRORMÅL

I etterkrigstida har det vore svært få terrorhandlingar i Norge. Eit av dei mest grundige studia av

¹⁰ Alex P. Schmid og Albert J. Jongman et al., *Political Terrorism: A New Guide to Actors, Authors, Concepts, Data Bases, Theories and Literature* (Amsterdam: SWIDOC. 1988).

¹¹ Det er noko usemje om statsterror er ei form for terrorisme. Nokre meiner terrorisme-omgrepet bør brukast berre om ikkje-statlege aktørar. Andre meiner statsterror bør vere med av fleire årsaker. Ein stats evne til å “terrorisere” ei befolkning er langt større enn kva ikkje-statlege aktørar er i stand til. Statsstøtta terrorgrupper har ofte vore dei langt mest slagkraftige, og ikkje minst, terroraksjonar utførte av ikkje-statlege grupper er ofte ein respons på brutal undertrykking og statsterror. Paul Wilkinson, “Traditional Political Terrorism”, førelesing ved George C Marshall Center 14.september 1999.

¹² Gabriel Weimann and Hans-Bernd Brosius, “The Predictability of International Terrorism: A Time-Series Analysis”, *Terrorism* 11 (6) (1988), s.499-500.

innanlandsk terrorisme i Vest-Europa i perioden 1950-1995 viser at Norge tilhører ei gruppe vesteuropeiske statar (Austerrike, Finland, Irland, Danmark, Island, Luxemburg, Nederland, Sverige og Norge) som har vore “heilt utan terrorisme eller som berre har vore utsette for reint sporadiske og, for det meste, isolerte terroråtak”.¹³

Årsakene til fråværet av innanlandsk terrorisme i Norge er mange.¹⁴ Blant anna blir det peika på at i motsetning til ei rekkje andre vesteuropeiske land er det politiske systemet i Norge prega av kontinuitet gjennom eit langvarig og stabilt demokratisk styre, etniske konfliktrar er omtrent fråverande, og det har vore ein tradisjon for politisk integrasjon av radikal opposisjon, kanskje med unntak av nazistiske og rasistiske grupperingar. Norsk velferdspolitik, den låge arbeidsløysa, styresmaktenes evne til å skape konsensus om stridsspørsmål, den låge graden av urbanisering i Norge, samt den sosiale kontrollen som ligg i norske småsamfunn og nærmiljø bidreg på ulike måtar til å motverke førekomsten av politisk vald og terrorisme. Daniel Heradstveit understrekar terrorgruppene behov for anonymitet og mobilitet, noko som er vanskeleg i Norge. Han skriv til dømes at det faktum at Norge “er grisgrønt og etnisk homogent gjer dette arbeidet (rekognosering, observasjon og planlegging av terroråtak) vanskeleg ... den stabile demografien gjer at inn- og utflytting blir langt lettare å overvake”.¹⁵ Det tradisjonelt gode tilhøvet mellom politi og befolkning er i same lei med på å redusere handlingsrommet for terrorgrupper, jamvel om det kan endre seg under meir tilspissa politiske konfliktsituasjonar.¹⁶ Venstreradikale grupperingar i Norge har omtrent aldri vore involverte i terrorisme i skarp motsetning til sine tyske, franske og italienske motstykke. Norge og dei nordiske landa har likevel opplevd ein god del politisk vald frå høgreekstremer og rasistiske grupper. Denne valden har i første rekkje retta seg mot to kategoriar: (i) innvandrarar, asylsøkjjarar og flyktningar, og (ii) norske antirasistar og representantar for norske styresmakter som blir oppfatta som “raseforøderer” og “innvandringskommisærar”.¹⁷

Når det gjeld Norge og internasjonal terrorisme, er mønsteret ikkje ulikt det ein finn for innanlandsk terrorisme. Norge er blant dei seks-sju europeiske landa (Finland, Sverige, Sveits, Island, Nederland, Danmark, Norge) som “går forholdsvis fri [for] internasjonal terrorisme”.¹⁸ Årsakene til dette er usikre. Samanhengen mellom internasjonal og innanlandsk terrorisme er ikkje klar jamvel om mange meiner at statar med mykje innanlandsk terrorisme også er meir utsette for internasjonal terrorisme. Det har vore fleire døme på planlagde og gjennomførte internasjonale terroraksjonar i Norge. Lillehammerdrapet i 1973 og attentatforsøket mot William Nygaard i 1993 blir ofte trekte fram som dei mest kjende døma. (Strengt tatt fell begge aksjonane utanfor definisjonen på terrorisme jmf ikkje-statleg aktør, mål og offer ikkje samanfallande). Ein kjenner også til planlagde sabotasjeaksjonar mot oljeraffineriet på Slagen under oljekrisa på 1970-talet, og planar om terroraksjonar mot den egyptiske og israelske

¹³ Jan Oskar Engene, *Patterns of Terrorism in Western Europe, 1950-95*, s.46.

¹⁴ For eit oversyn over politisk vald og terrorisme i Norge, sjå Daniel Heradstveit and Tore Bjørge, “Politisk vald og terrorisme i Norge”, *NUPI-Notat No.5* (Oslo: NUPI 1988).

¹⁵ Daniel Heradstveit, “Norge og internasjonal terrorisme”, *NUPI-notat Nr.443* (april 1991), s.10. For Politiets overvakingsteneste (POT) si vurdring av faren for euroterrorisme i Norge, sjå Cathrine Pia Lund, *Norsk Anti-terrorpolitikk Kartlegging, systematisering og analyse av norske tiltak mot terrorisme* (Oslo, Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo, hovudoppgåve vår 1993), s.49.

¹⁶ Merk til dømes debatten om Oslopolitietts handtering av demonstrasjonane med utgangspunkt i Blitz-miljøet på 1980-talet.

¹⁷ Cathrine Pia Lund, *Norsk Anti-terrorpolitikk*, s.42

¹⁸ *Ibid*, s.7.

ambassaden av libyske agenter i etterkant av Camp David-avtalen i 1979. Mindre kjend er kan hende at personar med tilknytning til IRA og uidentifiserte vesttyskarar framsette tilbod til representantar frå Sameaksjonen og Folkeaksjonen mot utbygginga av Alta-vassdraget i perioden 1979 til 1981 om å gjennomføre sabotasje-aksjonar mot “det norske samfunnsmaskineriet”.¹⁹ På 1990-talet har militante dyrevernavtivistar tilknytt Sea Shepherd gjennomført sabotasjeaksjonar mot norsk kvalfangst. Norge har dessutan vore åstad for tre mindre alvorlege flykapringar med tilknytning til internasjonale konflikhtar det siste tiåret.²⁰

Samanlikna med mange europeiske land har altså førekomsten av både innanlandsk og internasjonal terrorisme i Norge vore svært låg. Det blir derfor eit sentralt spørsmål om i kva grad internasjonale trendar og utviklingstrekk kan få innverknad på situasjonen her heime. Nedanfor har vi forsøkt å skissere moglege framtidige utviklingstrekk som kan tenkjast å få betydning for omfanget av terrorisme i Norge.

4 TERRORISME — TRENDAR OG UTVIKLINGSTREKK

Den teoretiske kunnskapen om internasjonal terrorisme er begrensa. Alle forsøk på prediksjon og identifisering av moglege framtidstrendar er alltid forbundne med stor uvisse. Mangelen på eit breitt teoretisk grunnlag om terrorisme inneber derfor at uvissa knytt til trendframskrivingar om terrorisme er svært stor. Frå eit forskingsperspektiv er vanskane i hovudsak knyta til *mangelen på allment aksepterte definisjonar*, og dermed også mangelen på verdsomfattande og standardiserte databasar over terrorhandlingar. Den kjende terrorisme-forskaren Alex Schmid har til dømes identifisert i alt 109 ulike definisjonar på terrorisme.²¹ Ted Robert Gurr konkluderte i 1988 med at “mange, kanskje dei fleste av dei viktige spørsmåla i terrorisme-forskinga kan ein ikkje svare på med den informasjonen som er tilgjengeleg for forskarane i dag”.²² Denne kritikken av terrorismeforskinga synast i stor grad å gjelde i dag også.

Med desse viktige atterhalda vil vi no presentere nokre utvalde hovudlinjer frå den mangslungne litteraturen om terrorisme og trendar.²³

- (i) Litteraturen om terrorisme understrekar sterkt at trusselsbiletet i dag er meir diffust og raskt skiftande enn tidlegare. Framveksten av nye ukjende aktørar (for eksempel religiøse sekter) og einskildpersonar utan tilknytning til etablerte terrorgrupper representerer er ei langt vanskelegare etterretningsutfordring enn å overvake etablerte kjende terrororganisasjonar. Førekomsten av i utgangspunktet usannsynlege alliansar mellom vidt forskjellige grupperingar - f eks dyrevernarar og høgreekstreme grupper samt ny-nazistiske og islamistiske organisasjonar – vitnar om eit uklart og raskt skiftande trusselsbiletet.

¹⁹ Tore Bjørge, “Sabotasje og terrorisme som trussel mot infrastruktur i Norge – med eksemplet damanlegg og kraftforsyning” (Foredrag på seminar for Sårbarhetsutvalget 9. november 1999).

²⁰ Tre iranarar på flukt i 1993, ein bosnisk flyktning i 1994 og ein ”forvirra palestinar” i 1996. Sjå *Ibid.*

²¹ Alex P. Schmid og Albert J. Jongman, *Political Terrorism*.

²² Ted Robert Gurr, “Empirical Research on Political Terrorism”, Robert O Slater and Michael Stohl (eds.) *Current Perspectives on International Terrorism* (London: Macmillan, 1988).

²³ For eit oppdatert oversyn over trendar, sjå Canadian Security Intelligence Service, “Trends In Terrorism” (Canada: CSIS, Report # 2000/01, desember 18, 1999).

- (ii) Framveksten av ein meir valdeleg type terrorisme (ofte religiøst motivert terrorisme) er eit anna sentralt tema. Ei rekkje nyare studiar understrekar sterkt at karakteren til internasjonal terrorisme har endra seg mykje i løpet av dei siste åra. Under ulike namn som “den nye terrorismen”, “superterrorisme”, “masseødeleggings-terrorisme”, “massedraps-terrorisme”, “katastrofe-terrorisme” har det kome ut mykje litteratur dei siste åra som åtvarar mot at terrorisme no representerer eit aukande trugsmål enn før fordi konsekvensane av terroraksjonar kan bli så mykje meir omfattande.²⁴
- (iii) Auka tilgang på kunnskap om og materiale til konstruksjon av masseødeleggingsvåpen (MØV) har lenge vore ei kjelde til bekymring. Ei rekkje terrorgrupper på 1990-talet har vist interesse for å skaffe seg og anvende MØV.
- (iv) Framvekst av meir militante og valdelege formar for miljø- og dyrevernaktivisme, nokre med ideologiske innslag av apokalyptisk tenking.
- (v) Kritisk infrastruktur, som til dømes sårbare informasjonssystem, kan bli mål for terrorgrupper (gjennom informasjonsåtak, åtak med elektromagnetiske våpen, fysisk sabotasje ved hjelp av konvensjonelt sprengstoff etc), men ein har enno ikkje sett alvorlege døme på denne type aksjonar.
- (vi) Globalisering og terrorisme. Den aukande flyten av varer, menneske, informasjon og teknologi over landegrensene, samt tilgangen til avansert kommunikasjonsteknologi kan vere med på å auke handlingsrommet og slagkrafta til potensielle terrorgrupper. Ein er vitne til ei raskare spreiring av radikale ideologiske rørsler og større samhandling mellom terrororganisasjonar på tvers av landegrensene. Nokre forskarar meiner å sjå ein aukande trend mot større potensiale for “spill-over effektar av terrorisme der årsakene til valden ligg i ein region, men at åtaka blir utførte i andre regionar og verdsdelar”.²⁵
- (vii) Ein viktig trend er framveksten av omfattande og nære band mellom politiske terrorgrupper og transnasjonal organisert kriminalitet i fleire delar av verda, og ein tendens til utvisking av skiljelinjene mellom desse to fenomen.²⁶
- (viii) Eit siste og mykje omtala utviklingstrekk er den store auken i gisseltaking for økonomiske føremål i ei rekkje land, jamvel om denne verksemda ligg i grenseland for kva som fell inn under terrorisme-omgrepet.

Vi skal gå nærare inn på nokre av desse utviklingstrekka, i første rekkje dei som synest å ha størst relevans for vurderinga av trusselsbiletet i Norge.

²⁴ Sjå til dømes International Institute for Strategic Studies, “A New Face of Terrorism?”, *Strategic Survey 1998-99* (Oxford: Oxford University Press, 1998), James K Campbell, “Excerpts from Research Study ‘Weapons of Mass Destruction and Terrorism: Proliferation by Non-state Actors’”, *Terrorism and Political Violence* 9 (2) (1997); Walter Laqueur “Postmodern Terrorism, New Rules for an Old Game”, *Foreign Affairs* 75 (5) (September / October 1996); *The Economist*, “The New Terrorism: Coming Soon to a City Near You” (15 august 1998); Ashton Carter, John Deutsch and Philip Zelikow, “Catastrophic Terrorism: Tackling the Danger”, *Foreign Affairs* 77 (6) (november / desember 1998), og Brad Roberts (red.) *Terrorism with Chemical and Biological Weapons: Calibrating Risks and Responses* (The Chemical and Biological Arms Control Institute, Washington, 1997).

²⁵ Cindy Combs, *Terrorism in the Twenty-First Century* (New Jersey: Prentice Hall, 1997), s.233.

²⁶ Paul Wilkinson, “The Strategic Implications of Terrorism”, (Paper for the International Institute for Strategic Studies 41st Annual Conference, San Diego, 8-11 September 1999), s.9.

4.1 Meir dødelege formar for internasjonal terrorisme

Tolkningar av eksisterande databasar over internasjonal terrorisme indikerer at terroraksjonane er blitt meir “dødelege” dei seinare åra, dvs fleire døde per aksjon.²⁷ Dette ser likevel ut til å gjelde i første rekkje internasjonal terrorisme. Jamvel om tre av dei fem mest valdelege terroraksjonane i Europa i etterkrigstida hende etter 1980, er det ingen klar trend mot aukande letalitet i innanlandsk terrorisme i Europa. Den overveldande delen av terroråtak i Europa har ikkje teke menneskeliv, og dei åtaka som er dødelege, drep relativt få menneske.²⁸ Omfanget av internasjonal terrorisme i Europa har berre vore ein brøkdel av innanlandsk terrorisme (målt i talet på terrorhandlingar) og har halde seg på eit relativt stabilt nivå dei siste tre tiåra. Internasjonal terrorisme har likevel i visse periodar ført til omtrent like høge dødstal som innanlandsk terrorisme i Europa. *Dette indikerer altså at i europeisk samanheng er internasjonal terrorisme sjeldnare, men langt meir dødeleg enn dei heimedyrka formene for terrorisme.*

På slutten 1970-talet, då den venstreradikale terrorismen dominerte i Europa, hadde omtrent samtlege aktive internasjonale terrorgrupper sekulære ideologiar og mål, dei fleste ein eller annan variasjon av marxismen. Ved tusenårsskiftet har dette biletet endra seg mykje. Ikkje mindre enn ein tredjedel av alle aktive internasjonale terrorgrupper er no i stor grad religiøst motiverte, og dei fleste soknar til ei eller anna form for islamisme.²⁹ Fleire forskarar meiner at religiøse motivasjonsfaktorar er med på å bygge ned barrierane mot massevaldsterrorisme. Dei potensielt mest valdelege terroraksjonane på 1990-talet er assosierte med religiøse sekter og islamske militante grupperingar.³⁰ Men både religiøse kulturar, dei mest radikale islamistiske rørsleane og høgre-ekstreme rasistiske grupper med kvasireligiøse ideologiar synest å ha ein langt lågare terskel for å ty til massevald enn den tradisjonelle sekulære terrorismen.

Noko av forklaringa på framveksten av meir dødelege formar for terrorisme kan vere at dei relativt effektive tiltaka for å verje tradisjonelle terrormål slik som kjende offentlege bygningar, ambassadar, fly, flyplassar, etc har gjort sitt til at terrorgrupper i større grad vel lettare tilgjengelege mål (som f eks turistattraksjonar, undergrunnsstasjonar, handlesenter etc) enn tidlegare og dermed mindre diskriminerande terroråtak. Ein har blant anna sett ein trend mot større bruk av bilbomber og bomber plasserte i fly i staden for flykapring. Andre meiner dessutan at den harde kampen om media si merksemd fører til stadig meir valdelege aksjonar. Timothy McVeigh som stod bak bombinga av den føderale bygningen i Oklahoma City i 1995 uttala i ettertid at den heimelaga bomba hans måtte vere såpass stor for å skape tilstrekkeleg mediabilest om saka hans.

4.2 Masseøyleggingssvåpen og terrorisme

Denne trenden mot meir dødelege formar for terrorisme fell saman med ein aukande interesse

²⁷ I følgje data basert på Rand-St Andrews Chronology of International Terrorism, og Bruce Hoffmann, *Inside Terrorism* (London: Victor Gollancz, 1998). Sjå også U.S. State Department, *Annual Report on International Terrorism 1996*, og Cindy Combs, *Terrorism in the Twenty-First Century*, p.222

²⁸ TWEED-databasen over europeisk innanlandsk terrorisme i perioden 1950-1995, produsert av Dr J O Engene ved Universitetet i Bergen. Sjå Jan Oscar Engene, *Patterns of Terrorism in Western Europe, 1950-1995*, s.173.

²⁹ Paul Wilkinson, “The Strategic Implications of Terrorism”, s.8.

³⁰ Jamfør terroråttaket med saringass i Tokyo av den japanske sekta *Aum Shinrikyo*, og forsøket til ei egyptisk islamistgruppe i 1993 å få World Trade Center i New York til å kollapse ved hjelp av ei bilbombe.

blant nokre terrorgrupper for masseøyeleggingsvåpen (MØV). Det synest klart at ei rekkje religiøst motiverte terrorgrupper har forsøkt å skaffe seg og bruke masseøyeleggingsvåpen, blant anna grupper knyta til Osama Ben Ladens nettverk³¹, samt kvasi-religiøse og høgreligiose grupperingar.³²

Ein nyleg studie av potensialet for atomterrorisme i Norden som bl a oppsummerer forskinga omkring MØV-terrorisme, argumenterer for at faren for at denne forma for terrorisme er aukande og at tidlegare barrierar mot bruk av MØV i terrorsamanheng kan vere i ferd med å bli svekka.³³ Årsakene til dette er ikkje berre at internasjonal terrorisme er i endring slik vi tidlegare har peika på, men også at tilgang til spaltbart materiale har auka, at kunnskap og kompetanse for å konstruere og bruke MØV er meir tilgjengeleg enn nokon gong tidlegare.³⁴ Alvorlege tilfelle av atomterrorisme har ikkje forekomme — det har i hovudsak dreidd seg om “trugsmaal om atomterrorisme, samt eksempel på avgrensa kontaminering ved bruk av radioaktive stoff og aksjonar mot kjernekraftverk.”³⁵ I følgje *Rand Corporation - St Andrew's Chronology of International Terrorism* er det framleis berre eit lite fåtal, ca 60 tilfelle, av meir enn 8000 registrerte terroraksjonar sidan 1968, som omfattar bruk av kjemiske, biologiske eller nukleare våpen. Dette representerer likevel ei dramatisk utvikling sett i lys av dei enorme konsekvensane eit vellykka og storstilt MØV-åtak kan ha på ein sivilbefolkning.

Nokre forskarar åtvarar mot det overdrivne fokuset på MØV-terrorisme og meiner i staden at innovativ bruk av relativt enkle konvensjonelle våpen også kan bli årsak til massedødsterrorisme, slik det mislykka åtaket mot World Trade Center bygningen i 1993 demonstrerte.³⁶ Dette åtaket kunne, dersom det hadde lykkast, ha medført tap av fleire titusen menneskeliv og ville utan tvil ha revolusjonert den tradisjonelle oppfatninga av terrorisme frå substatlege aktørar som ikkje-strategiske trygging utfordringar.

4.3 Politiske endringar som kan påverke forekomsten av terrorisme

Det er blitt retta ein del kritikk mot det mange ser på som eit massehysteri omkring “den nye terrorismen”.³⁷ Det er grunn til å understreke at det framtidige terrorbiletet er langt frå eintydig. Politiske endringar i det siste tiåret peikar i ulike retningar når det gjeld forekomsten av terrorisme. Etter Den kalde krigens slutt har ein vore vitne til gjennombrøt i ei rekkje fastlåste politiske konflikter, i første rekkje konflikten mellom Israel og palestinarane, noko som har vore med på å dempe faren for internasjonal terrorisme. På 1970 og 1980-talet var denne konflikten ei hovudkjelde til internasjonal terrorisme i Europa. Samstundes har slutten på den kalde krigen ført til oppblomstringa av ei rekkje nye etniske konflikter i Europa. Dei fleste av desse er ikkje løyste og kan bli ei framtidig kjelde til alvorleg internasjonal terrorisme. Bruk av masseterror mot sivilbefolkninga har det siste tiåret vore eit karakteristisk drag ved mange av dei etniske

³¹ Stefan Leader, “Osama Ben Laden and the Terrorist Search for WMD”, *JANE's Intelligence Review* (juni 1998), s.34-37.

³² Medlemmer i ei ekstrem ”white supremacist” rørsle vart arresterte av FBI i 1995 for å har forsøkt å skaffe seg ulovleg tilgang til pestbakteriar. Sjå Graham Bradley, “U.S. Gearing Up Against Germ War Threat”, *Washington Post* 14 desember 1997.

³³ Morten Bremer Mærli, *Atomterrorisme* (Oslo: NUPI, 1999).

³⁴ Blant anna er tidlegare gradert informasjon om konstruksjon av atomvåpen no er offentleg tilgjengeleg.

³⁵ *Ibid*, s.182.

³⁶ Paul Wilkinson, “Strategic Implications of Terrorism”.

³⁷ Sjå til dømes Ehud Sprinzak, “The Great Superterrorism Scare”, *Foreign Policy* 112 (haust 1998).

konfliktane i Europa og Europa sine nærområde. Ein kan ikkje sjå bort frå at massen av demobiliserte krigsveteranar frå desse blodige krigane kan utgjere eit rekrutteringsgrunnlag for framtidige terrorgrupper. Frivillige som deltok på muslimsk side i Afghanistankrigen 1980-1988, dei såkalla “Afghanistan-arabarane”, utgjer i dag kjernen i fleire av dei mest radikale islamske opprørsgeriljaene i Den arabiske verda, bl a den mykje omtala algirske gruppa GIA som har stått bak ei rekkje terroraksjonar i Europa på 1990-talet.³⁸

Det har vore ein signifikant nedgang i talet på internasjonale terrorhandlingar (jamvel om det har vore ein auke i intensiteten, dvs talet på drepne i kvar aksjon) sidan den kalde krigen slutta, noko som truleg har samanheng med bortfallet av stønaden frå supermaktene til ei rekkje kommunistiske og antikommunistiske geriljarørsler og terrorgrupper.³⁹ Framveksten av meir handlekraftige internasjonale institusjonar, og det stadig veksande tilfanget av internasjonalt lovverk og regime mellom statar legg eit betre grunnlag enn tidlegare for internasjonalt samarbeid mot transnasjonal terrorisme. Den aukande internasjonale viljen til å gripe inn i interne konflikter for å verje om grunnleggjande menneskerettar og den aukande massen av nasjonale og internasjonale frivillige organisasjonar og interessegrupper inneber at ein typisk motivasjon bak internasjonal terrorisme (“vekkje verdsopinionen”) kanskje ikkje lenger er til stades i same grad som tidlegare.⁴⁰ På ulike sett kan det vere grunn til å hevde at det internasjonale samfunnet er noko betre førebudd på til å førebyggje internasjonal terrorisme enn tidlegare.

På ei anna side har Vest-Europa i sitt nærområde ei rekkje unge statar. Dei fleste statane i Sentral- og Aust-Europa er unge demokrati eller i ei eller annan form for overgang til demokratisering. Forsøka på demokratisering har nådd langt kortare i statane i det sørlege Middelhavet (Nord-Afrika og Midtausten), men også her har det vore ei rørsle mot større politisk pluralisme. Av ulike årsaker kan transisjonsprosessane som statane i Vest-Europa sine nærområde no gjennomgår, innebere på kort og mellomlang sikt eit auka potensiale for valdelege interne konflikter, inkludert terrorisme, samanlikna med ein situasjon med sterkt autoritære regime og/eller stabile demokrati.⁴¹ På lang sikt derimot er det liten tvil om at ei demokratisk konsolidering i Aust-Europa og Det sørlege Middelhavet vil minke faren for valdelege interne konflikter og terrorisme i Europas nærområda, og dermed redusere faren for “spill-over” av internasjonal terrorisme til Europa.

Som vi ser peikar dei politiske endringane i ulike retningar, noko som gjer det vanskeleg å seie noko sikkert om førekomsten av terrorisme i framtida og skapar mykje uvisse om det framtidige terrorbiletet. Det er derfor viktig å peike på behovet for at våre etterretningsmiljø har den

³⁸ Sjå f eks Stathis Kalyvas, “Wanton and Senseless? The Logic of Massacres in Algeria”, *Rationality and Society* 11 (3) (1999), s.243-285; Daniel Heradstveit, “Terrorismen i Algerie”, *Internasjonal Politikk* 55(2) (1997), s.179-207, og Yossef Bodansky, *Bin Laden: The Man Who Declared War on America* (Rocklin, California: Forum, Prima Publishing, 1999).

³⁹ Thomas J. Volgy, Lawrence E Imwalle og Jeff J Corntassel, “Structural Determinants of International Terrorism: The Effects of Hegemony and Polarity on Terrorist Activity”, *International Interactions* 23 (2) (1997), s.207-231.

⁴⁰ Sjå for eksempel Brynjar Lia og Annika S Hansen, “Globalisation and the Future of Terrorism.”

⁴¹ Fleire studie viser ein samanheng mellom auka førekomst av valdelege interne konflikter og overgang til demokrati. Andre studier påviser at mønsteret i førekomsten av terrorisme i Europa i stor grad kan forklarast med statens legitimitetsproblem knyta til kontinuitetsproblem (manglande demokratisk konsolidering, ein vanskeleg overgang til demokrati), integrasjon (av politisk marginale grupper) og etnisitetsproblem. Sjå Jan Oscar Engene, *Patterns of Terrorism in Western Europe, 1950-1995*, og Jack L Snyder, *From Voting to Violence: Democratization and Nationalist Conflict* (New York; W.W.Norton, 2000).

tilstrekkelege strategiske analysekapasitet til blant anna å knyte saman overordna tryggingpolitiske endringane med det skiftande etterretningsbiletet.

5 TERROR- OG SABOTASJEÅTAK MOT CIVIL INFRASTRUKTUR

5.1 Cyberterroråtak mot infrastruktur

Ein mykje omtala trend i den nyaste terrorismelitteraturen er dei vidtrekkande konsekvensane som terror- og sabotasjeåtak retta mot sårbare infrastrukturmål kan få blant anna som ei følgje av at denne infrastrukturen er så avhengig av sentraliserte operative IT-system.⁴² Det er i første rekkje innføringa av stadig meir avanserte nettverksoppkopla informasjonssystem som har ført til at fokuset mot denne type terrorutfordringar har auka, snarare enn at alvorlege terroråtak av denne typen har funne stad.

Det kan vere grunn til å nedtone dei mest dramatiske trusselscenaria som knyter *terrorisme* og kritisk infrastruktur direkte saman. Til no har ein ikkje vore vitne til eit einaste cyberåtak som oppfyller ein meiningsfull definisjonen på cyberterrorisme.⁴³ Det er liten tvil om at ulike former for datakriminalitet og datasabotasje (eller “cybotage”) er eit aukande problem som absolutt ikkje bør undervurderast. Det er likevel langt større uvisse om terrorgrupper i det 21ste hundreåret vil velje å gjennomføre terroraksjonar i cyberspace i staden for med dei tradisjonelle verkemidla. Så langt veit ein lite om terrorgrupper si interesse for bruk av IT-system som terrorvåpen eller terrormål. Ein kjenner til at ei rekkje terrorgrupper er aktive på internett og spreier sin budskap. Samstundes har fleire grupper brukt internett for kommunikasjon og kommandoføremål.⁴⁴

Informasjonssystem som styrer kritisk infrastruktur er ikkje berre sårbare via elektroniske innbrot, men kan også blir utsette frå ulike formar for fysisk sabotasje, f eks ved kutting av tele- og straumførande kablar, fysisk sprenging eller ved bruk av eletromagnetiske våpen (EMP-våpen) som er eit anna potensielt verknadsfullt våpen mot informasjonssystemer. Framleis har ein for lite empirisk materiale til å seie noko sikkert om dette, og ein kjenner ikkje til klare døme på terroråtak med EMP-våpen.⁴⁵

I kva grad denne type sabotasjeaksjonar vil bli prefererte aksjonsformer for framtidige terrorgrupper er derfor usikkert. Som vi skal sjå nedanfor har terror- og sabotasjeåtak mot infrastruktur til no ikkje har vore særleg vanlege. Ein av grunnane kan kanskje vere at

⁴² Sivil infrastruktur kan grovt sett seiast å omfatte (i) transport og ferdsselsårer, (ii) energiforsyning, og (iii) post, elektronisk kommunikasjon, samband av alle slag.

⁴³ Definisjonane på cyberterrorisme varierer mykje, men for å kunne skilje fenomenet frå cybercrime eller datakriminalitet må vi i det minste setje som vilkår at “en kalkulert frambringelse av frykt for skade eller død hos en gruppe, frambragt av bruk eller trussel om bruk av vold ” inngår i begrepet. Ein arbeidsdefinisjon brukt av bl a FBI er “cyberterrorism is the premeditated, politically motivated attack against information, computer systems, computer programs, and data which results in violence against noncombatant targets by subnational groups or clandestine agents”. Sitert i Dorothy Denning, (1999) *Information Warfare and Security* (Addison, Wesley: Longman, Inc., ACM Press), s.69.

⁴⁴ Sjå for eksempel Michael Whine, “Islamist Organizations on the Internet”, *Terrorism and Political Violence* 11 (1) (vår 1999), s.123-132.

⁴⁵ Odd Harry Arnesen, “EMC Zurich 99”, *FFI-Reiserapport-99/01761* (16 april 1999).

terrorgrupper ikkje oppnår ein tilstrekkeleg spektakulær effekt som meir tradisjonelle former for terrorisme ofte gir. Terrorgrupper har tradisjonelt vore svært konservative i sine val av våpen, og deira våpenarsenal har endra seg overraskande lite over tid. Dette kan likevel endre seg raskt dersom ei eller fleire terrorgrupper klarer å gjennomføre former for spektakulære og omfattande cyberterroråtak.

Vi har altså sett at terrorgrupper fram til no ikkje har gjennomført alvorlege terroråtak mot informasjonssystem som styrer kritisk infrastruktur. Dette tyder likevel ikkje at åtak mot infrastruktur via informasjonssystem er mindre sannsynleg generelt sett, men heller at uvisse omkring dette fenomenet er svært stor. Det er grunn til å vere varsam med å rette eit einseitig fokus mot politiske terroristar som dei mest sannsynlege aktørane. I fredstid kan ein også tenke seg aktørar som misnøgde tilsette i verksemda (“insiders”), tenåringshackarar, ikkje-valdelege miljø- og dyrevernaktivistar som ynskjer å sabotere miljøskadeleg verksemd, eller kriminelle element som ynskjer å drive utpressing. I framtidige svært spente krisesituasjonar kan ein tenke seg at statlege eller statleg-støtta aktørar vil ha interesse av å angripe infrastruktur mål via informasjonssystem. I USA har mykje av fokuset på såkalla asymmetriske trusler blitt knytt til faren for omfattande åtak mot landets infrastruktur for å svekkje landets evne til rask militær maktprojeksjon i krisesituasjonar i Den persiske golfen og i Asia.⁴⁶ Ein grundig analyse av andre typar aktørar enn terrorgrupper, samt sabotasjefaren under spente krisesituasjonar ligg utanfor denne studien.⁴⁷

5.2 Er sivil infrastruktur populære terrormål i fredstid?

Det er generelt sett ingen klar statistisk tendens over tid som peikar mot at infrastruktur generelt er blitt eit meir populært mål for terrorgrupper. Det finst rett nok mange døme på at ulike opposisjonsrørslar og geriljaorganisasjonar, hovudsakleg i Den tredje verda, har nytta åtak mot nasjonal infrastruktur for å underminere den nasjonale økonomien til regjeringa rørsle sloss mot. Til dømes har den islamske geriljaen i Egypt og den kurdiske opprørsgeriljaen PKK i Tyrkia angripe den økonomisk viktige turistindustrien for å svekke regjeringa. Åtak mot oljeinfrastruktur av ulike opprørsgrupper har hendt relativt ofte dei seinare åra i Colombia og Yemen.⁴⁸ Den islamske opprørsgeriljaen på Filippinane har den siste tida truga med å rette åtaka sine mot vitale infrastruktur mål.⁴⁹ Jamvel om det knapt nok har forekomme politisk motiverte terroraksjonar mot offshore-petroleumsinstallasjonar, har innanlandske petroleumsinstallasjonar har vore utsette for ei rekkje terror- og sabotasjeaksjonar eller forsøk på slike aksjonar; dette gjeld også i fleire av landa rundt Nordsjøen.⁵⁰ Ein kan også merke seg at høgreekstreme grupperingar i USA i sine ideologiske skrifter har uttala at infrastruktur er sentrale sabotasjemål.⁵¹

⁴⁶ Sjå til dømes Jonathan Tucker, “Asymmetric Warfare”, *Forum for Applied Research and Public Policy* (sommar 1999) (<http://forum.ra.utk.edu/summer99/asymmetric.html>).

⁴⁷ Sistnemnde tema blir berørt under delkapittel 5.3 “Terrorisme og internasjonale fredsoperasjonar”

⁴⁸ Sjå for eksempel International Institute of Strategic Studies (IISS), “The New Face of Terrorism”, *Strategic Survey 1998-99* (Oxford: Oxford University Press / IISS, 1998).

⁴⁹ “Rebels Target Fragile Phillipine Infrastructure”, *Stratfor.com Global Intelligence Update* 12 april 2000.

⁵⁰ Generelt har Storbritannia og Tyskland pga sine innanlandske terrorproblem vore langt meir utsette for denne type aksjonar enn Norge. Sjå for ei meir fullstending trusselvurdering mot maritim mål Tore Bjørge, *Maritim terrorisme: En trussel mot norsk skipsfart og oljevirkosomhet?* (Oslo, NUPI rapport nr.146, 1990).

⁵¹ Kaplan siterer den høgreekstreme teologen David Lane: “The goal of Wotan (a true beserk who will carry on the battle until the day of Ragnarök) is clear. He must hasten the demise of the system before it totally destroys our

5.2.1 Radikal miljø- og dyrevernavtivism

Radikale miljø- og dyrevernavtivistar blir ofte sett på som dei potensielt mest sannsynlege aktørane i eit terror- eller sabotasje-scenarior mot visse typar sivil infrastruktur i fredstid. Militante miljøvernarar og dyrevernarar har ofte fokusert på nokre typar infrastruktur mål i sine aksjonar, i første rekkje veg- og vasskraftutbygging, som viktige sabotasjemål. Det kan vere grunn til å forvente at militante miljøvern- og dyreverngrupper kan kome til å representere eit meir alvorleg trugsmål mot infrastruktur og infrastruktur-utbygging enn tidlegare.⁵² Ytterleggåande fraksjonar av miljø- og dyrevernrørsla har i aukande grad teke i bruk sabotasjeaksjonar som verkemiddel, såkalla “ecotage” for å forhindre naturfiendtlige inngrep. Populære mål er ressursutnytting og vasskraftutbygging, men også atomkraftverk, kjemisk industri, anna forureinande industri, byutviding på jordbruksområde og naturareal. Ein av dei mest kjende grupperingane internasjonalt er den USA-baserte *Earth First*, etablert i 1984 og har gjennomført ei rekkje sabotasjeaksjonar. Nokre av aksjonane har hatt eit tydeleg innslag av valdsbruk.⁵³ Den aukande bruken av vald av radikale miljø- og dyrevernarar har skapt ei utbreidd oppfatning av at “delar av miljørørsla er på veg til å utvikle seg til ‘militante stormtropper’, eit slags miljørørslas ‘outlaws’ ”.⁵⁴

Earth First har hatt klare innslag av apokalyptisk endetidstenking i sine ideologiske skrifter, noko som teoretisk sett kan knyte denne grupper til oppblomstringa av radikale former for religiøs terrorisme. Medan “miljøvernterrorism” framleis representerer eit relativt marginalt fenomen,⁵⁵ kan det vere grunn til å hevde som Martha Lee gjer i ein artikkel frå 1996 at med “den aukande uroa over nye globale miljøkriser er det høgst sannsynleg at meir radikale miljøvernørslar vil vakse fram, og at dei rørsleane som framviser milleniaristiske trusoppfatningar vil vere dei farlegaste.”⁵⁶

Den mest kjende radikale dyreverngrupperinga, *Animal Liberation Front* (ALF) har røter attende til 1970-talet og fokuserer på å befri dyr i fangenskap, ofte i hemmelege aksjonar, samt åtak på institusjonar som driv forsøk med dyr. Også dei mest radikale dyreverngrupperingane har byrja å legitimere bruk av vald mot menneske i aksjonane sine.⁵⁷ Auken i denne type

gene pool. Some of his weapons are fire, bombs, guns, terror, disruption, and destruction. Weak points in the infrastructure of an industrialised society are primary targets. Individuals who perform valuable service for the system are primary targets. Special attention and merciless terror is visited upon those white men who commit race treason.” Jeffrey Kaplan, “Leaderless Resistance”, *Terrorism and Political Violence* 9 (3) (1997).

⁵² Sjø for eksempel Dr G Davidson (Tim) Smith, “Single Issue Terrorism”, *Commentary: A Canadian Security Intelligence Service Publication* Nr.74 (vinter 1998); Torbjørn Jerlerup, “Miljøørrelsens ‘Hell’s Angels’” *Ny Solidaritet* (6 November 1997) <http://www.nysol.se/arkiv/miljo/psinger2.html>; Stellan Vinthagen, “Vad har vi att lära av de militanta veganerna?”, *Tidningen Yelah* No.3 (6 March 2000) <http://yelah.micropp.se/articles/milve>

⁵³ Smith skriv til dømes om *Earth First* sine aksjonar i USA at “Construction workers have been injured by trip-wired booby traps, other have been shot bat with crossbows or have encountered Viet Cong-style man-traps filled with pungee stakes .. One eco-terror magazine published detailed plans on how to build mortars, firebombs and grenades and urged the use of buried explosives against the police.” Dr G Davidson (Tim) Smith, “Single Issue Terrorism”.

⁵⁴ Torbjørn Jerlerup, “Miljøørrelsens ‘Hell’s Angels’ ”.

⁵⁵ Sjø til dømes Bron Taylor, “Religion, Violence and Radical Environmentalism”, *Political Violence and Terrorism* 10 (4) (1998), s.1-42.

⁵⁶ [Mi omsetjing frå engelsk] Martha Lee, “Violence and the Environment: The Case of ‘Earth First’ ”, Michael Barkun (red.) *Millenialism and Violence* (London: Frank Cass, 1996), s.109-127.

⁵⁷ I Storbritannia har problemet med valdelege dyreverngrupperingar lenge vore på agendaen. I Sverige har aksjonane til dei radikale dyreverngruppene begrensa seg til trugsmål (trugsmål om forgifta matvarer, falske bombetrugsmål, publisering av såkalla “hitlists” dvs personar som skulle skadast etc). Det har imidlertid

aksjonar har vore dramatisk i fleire europeiske land, og ALF har vore opphavet til ei rekkje militante systerrørsler.

Denne type grøn terrorisme er likevel marginal i europeisk samanheng. TWEED-databasen over europeisk innanlandsk terrorisme i perioden 1950-1995, produsert av Dr J O Engene ved Universitetet i Bergen, viser klart at etnisk/regionalistisk terrorisme har vore den dominerande forma for terrorisme i Europa (over 70 % av alle aksjonar), medan radikale miljøverngrupperingar har stått for ein forsvinnande liten del av europeisk terrorisme (0,1%). Jamvel om det har vore ein trend dei seinare åra mot meir militante og valdeleg miljø- og dyrevernavtivism, er det likevel svært langt att før denne type aktivisme blir eit terrortrugsmål på lik linje med etnisk basert terrorisme i Europa.

5.2.2 Førekomsten av terroråtak på infrastruktur mål

Trass i at nokre terrorgrupperingar under særskilde omstende har identifisert sivil infrastruktur som særskild prioriterte mål, har sivil infrastruktur overraskande sjeldan vore direkte mål for terrorgrupperingar. Tilgjengeleg statistisk materiale over førekomsten av terrorisme er imidlertid noko usikkert, og eksisterande databasar er sjeldan samanliknbare. Ved å gjennomgå resultat frå ei rekkje databasar kan vi likevel få eit klarare inntrykk av førekomsten av terror- og sabotasjeaksjonar mot sivil infrastruktur. Som vi skal sjå viser det seg at infrastruktur mål tradisjonelt har figurert lågt på lista over prefererte mål for terroraksjonar. Sabotasje og terrortrugsmål mot viktig sivil infrastruktur som eigd av private føretak kan likevel vere underrepresenterte i databasane, bl a av den grunn av føretaka ofte ynskjer å halde slike hendingar hemmeleg for å ikkje så uvisse og speulasjonar om føretaket si framtidige lønnsemd.⁵⁸

Eit nyleg publisert amerikansk studie som byggjer resultata sine på den mykje brukte databasen over internasjonal terrorisme, *RAND - St Andrew's Chronology over International Terrorism*, viser at førekomsten av terror- og sabotasjeåtak mot transportsektoren og energi-sektoren er berre ein liten brøkdel av internasjonale terrorhandlingar.⁵⁹ I perioden 1968-1992 var det gjennomsnittleg 317 internasjonale terrorhandlingar i året (varierer frå 134 i 1968 til 484 i 1994). Talet på terror- og sabotasjeåtak på energirelaterte mål låg på 7,5 i gjennomsnitt i året, dvs mindre enn 2,5% av det totale talet på internasjonale terroråtak per år.⁶⁰ Vidare syner det statistiske materialet at amerikanske energi-relaterte mål var dei desidert mest utsette. I perioden 1980-1992 utgjorde amerikanske mål over 50% av det totale talet på terroråtak mot denne type mål verda over. Når det gjeld transportrelaterte åtak viser materialet at internasjonale terroråtak

forekomme fleire brannstiftingar, og eit uoppklart mordforsøk på ein forskar ved eit institutt som praktiserte dyreforsøk antyder at viljen til å anvende vald er veksande, også i våre naboland. Våpen er blitt beslaglagt hjå fleire ALF aktivistar som angiveleg ofte er bevæpna under gjennomføring av aksjonane sine. Sjå Stellan Vinthagen, "Vad har vi att læra av de militanta veganerna?"

⁵⁸ Sjå for eksempel intern instruks til tilsette ved Shell raffineriet på Sola publisert i appendiks i May Kristin Sviland, *Eksterne forhold som kan medføre en storulykke ved Shell-Raffineriet på Sola med hovedvekt på sabotasje* (Stavanger: Høgskulen i Stavanger, sivilingeniørutdanninga, hovedoppgåve, Vår 1999).

⁵⁹ Studiet baserer sine funn på Rand Corporation/St Andrews Chronology, ein omfattande databasen over internasjonale terrorhandlingar i perioden 1968-1992. James David Ballard, "A Preliminary Study of Sabotage and Terrorism as Transportation Risk Factors Associated with the Proposed Yucca Mountain High-Level Nuclear Facility" (Grand Valley University, juli 1998) <http://www.state.nv.us/nucwaste/trans/jballard.htm>.

⁶⁰ Talet på energirelaterte åtak nådde eit maksimum på 38 i 1988 medan det var berre eit åtak av denne type i 1970 og i 1986. *Ibid* s.9

mot landbaserte transportsystem har auka noko over tid, men er framleis på eit nivå om lag som energirelaterte mål (mellom 2-3% av det totale talet på terroråtak).⁶¹ Ein annan indikasjon på at sivile infrastrukturmål i seg sjølve ikkje er spesielt interessante mål for terrorgrupper, finn vi i tala frå TWEED-databasen over europeisk innanlandsk terrorisme. Av til saman 6151 terrorhandlingar som ein har data på i perioden 1950-1995, er berre 927 eller vel 15% materielt retta. Vi kan gå ut frå at på langt nær alle desse materielt retta åtaka var terroråtak mot sivil infrastruktur.

På 1980-talet gjennomførte det amerikanske forskningsinstituttet RAND Corporation ei rekkje studie for å belyse terrortrugsmålet mot bl a energiforsyninganlegg. Eit av studiene gjennomgår 99 kjende tilfelle av åtak mot anlegg for produksjon og transport av elektrisk energi frå verda over.⁶² Studiet viser blant anna at 57 av desse åtaka var begått av venstreradikal opprørsgerilja i Latin-Amerika, medan 19 av åtaka var relaterte til den pågåande Iran-Irak krigen og retta mot å forstyrre energiforsyninga og energileveransene til motparten. Det var i det heile svært få energirelaterte åtak i USA i perioden, og dei var dessutan “økonomisk heller enn politisk motiverte og inkluderte upressingstrugsmål og tjuveri av olje.”⁶³ Den relativt høgare førekomsten av åtaka på infrastruktur i krigs- og borgarkrigssituasjonar i perioden er ikkje overraskande og understrekar relevansen av sabotasjetrugsmålet i høgintensitetskonfliktar. Sabotasjetrugsmålet i fredstid er naturleg nok betydeleg mindre. Det er rett nok ein diskusjon i dag om skiljet fred, krise og krig er så klart som før på bakgrunn av vårt aukande engasjement i militære fredsoperasjonar og tvangsoperasjonar. Men vi har førebels ingen studier som seier noko sikkert om i kva grad aukande internasjonalt militært engasjement vil endre sabotasjetrugsmålet mot sivil infrastruktur.⁶⁴

Dersom vi bruker statistisk materiale for dei seinare åra, til dømes US Department of State sine årlege lister over internasjonale terrorhandlingar i perioden 1996-1998, ser vi også at åtak på infrastrukturmål utgjer berre ein relativt ubetydeleg del av det samla talet på internasjonale terroråtak. Av dei 298 registrerte internasjonale terrorhandlingane i perioden kan berre 21 (ca 7%) av desse seiast å vere retta mot infrastrukturmål: flyplassar (1), jernbane (6), kapring (skip, fly) (6), buss, buss-stasjonar (6), oljeledningar (2). Her ser vi også at det er ei rekkje grensetilfelle, til dømes at delar av transportinfrastrukturen blir valde som mål fordi det kan ramme mange menneske, f eks bussbomber og flykapringar. Om vi skil mellom infrastruktur som *åstad* og som *mål* for ein terroraksjon, tyder omtalen av einskildhendingane på at det berre var tre klare tilfelle der infrastruktur i seg sjølv var målet for terroraksjonen. Desse tre hendingane var alle i det krigsherja Colombia og var retta mot oljeverksemda til utanlandske oljeselskap som blir skulda av opprørsgeriljaen ELN og FARC for å støtte regjeringa.

⁶¹ Ballard skriv at “Worldwide attacks against land-based transportation systems were very rare in the beginning of the RAND/ST Andrews Chronology... (but) while the total number of terrorist attacks has fluctuated greatly over the past 25 years, the trend in transportation-related incidents has steadily increased. .. The mean number of attacks is 6,72 for the 25-year span, but 10 for the last 13 years. There is the same upward trend for attacks against American transportation-related targets.” *Ibid*, p.9.

⁶² G. V. Bass Golod and B. Cordes, “Actions Against Nonuclear Energy Facilities: September 1981-September 1982”, *Rand Notes* No.N-1980-SL (Washington and Santa Monica: Rand Corporation, 1983).

⁶³ *Ibid*.

⁶⁴ Bjørgos studie av terrortrugsmålet under Golfkrigen er eit av dei svært få studia som har forsøkt å setje terrorisme og militære tvangsoperasjonar i samanheng. Sjå Tore Bjørgo, “Terrortrusselen i forbindelse med Gulfkrigen”, *Internasjonal Politikk* 50 (3) (1992), s.245-257. Eit føreståande studie ved FFI vil også belyse problemstillinga, sjå Annika S Hansen, “Terrorism and Peace Support Operations”, *FFI-REPORT* (oktober 2000).

Terrorismebegrepet er som tidlegare nemnt først og fremst knytta til fredstidssituasjonar, ikkje til krigshandlingar under ein borgarkrig, noko som ytterlegare sår tvil om infrastrukturmål i det heile er særleg interessante mål for terrorgrupper i fredstid.

Ein mykje brukt database over internasjonal terrorisme, *ITERATE* klassifiserer terroraksjonane etter type hending (kidnapping, kapring, bombeeksplosjon, brevbombe, væpna åtak etc). I denne databasen er 'sabotasje' ein eigen kategori. For perioden 1968 til 1980 utgjorde sabotasje berre 24 av i alt 6714 terroraksjonar dvs 0,4 prosent.⁶⁵ For den påfølgjande perioden 1980-1988 representerte sabotasje også 0,4 prosent av dei registrerte terroraksjonane, i følgje *ITERATE*. Databasen over terroraksjonar frå det israelske forskningsinstituttet *Jaffa Center for Strategic Studies* har også registrert sabotasje som eigen kategori for ein periode på slutten av 1980-talet. Her varierer sabotasje frå 0,7 prosent til 2,4 prosent av det samla talet terroråtak.⁶⁶

Som tidlegare nemnt har høgreekstreme grupperingar i USA i sine ideologiske skrifter uttala at infrastruktur er sentrale sabotasjemål.⁶⁷ Fokuset på høgreradikal vald har også fått mykje merksemd i USA etter bombeaksjonen mot den føderale bygningen i Oklahoma i 1995, og høgorientert ekstremisme har også hatt eit oppsving i Europa det siste tiåret. Det er imidlertid høgst usikkert om dei ulike høgreekstreme miljøa i Europa og USA har sett seg ut sivil infrastruktur som særskilt interessante terrormål. Empiriske studie kan tyde på det motsette. Ein nyleg publisert artikkel om høgreradikal vald i USA analyserer 60 registrerte "Patriot related crime" i perioden januar 1994 - september 1995.⁶⁸ I denne studien utgjer sabotasjeaksjonar mot sivil infrastruktur faktisk berre to hendingar.⁶⁹

Dette oversynet over studier og statistikk om sabotasje- og terroråtak mot sivil infrastruktur må imidlertid ikkje tolkast som eit *totalt* frávær av sabotasje- og terroråtak mot sivil infrastruktur som aksjonsform hjå radikale grupperingar. Åtak på elektrisitetsforsyninga er sjeldan i fredstid, men har forekomme. For fleire år attende forsøkte ei afro-amerikansk muslimsk sekt i Colorado i USA å kutte straumforsyninga til eit større bustadsområde.⁷⁰ Det er også fleire historiske døme på forsøk på alvorlege sabotasje- og terroraksjonar mot vassforsyninga til byar. I 1945 skal den radikale jødiske grupperinga DIN ha forsøkt å forgifte drikkevatnet til fem tyske byar som hemn for Nazi-Tysklands masse mord på jødane.⁷¹ Amerikanske høgreradikale ekstremistar har ved nokre høve også ha forsøkt å forgifte drikkevatnet til større byområde. Politi og FBI avdekkja i 1984 eit lager på over 100 liter med cyanid hjå eit såkalla "white supremacist" gruppe i Arkansas, og ein fann klare indikasjonar på at grupperinga hadde planlagt ein aksjon mot vassforsyninga.⁷²

⁶⁵ A J Jongman, "Trends in International and Domestic Terrorism in Western Europe, 1968-1988", Alex Schmid og Ronald Crelinsten (red.) *Western Responses to Terrorism* (London: Frank Cass, 1993), p.41.

⁶⁶ *Ibid*, s.42.

⁶⁷ Jeffrey Kaplan, "Leaderless Resistance".

⁶⁸ Brian Levin, "The Patriot Movement: Past Present, and Future", Harvey W Kushner (red.) *The Future of Terrorism: Violence in the New Millenium* (London: Sage Publications, 1998), s.97-131.

⁶⁹ Ein sabotasjeaksjon mot ein jernbane og eit bombeåtak mot eit uspesifisert "infrastrukturmål". Brian Levin, "The Patriot Movement: Past Present, and Future", s.123, 131.

⁷⁰ RAND Corporation, "Holy Terror: The Implications of Religious Terrorism", *RAND Corporation Newsletter "On the Agenda"*, (vinter 1994).

⁷¹ Michale Bar-Zohar, *The Avengers* (NY: Hawthorne Books, 1967), s-40-52 sitert i Gavin Cameron, "Multi-track Microproliferation: Lessons from Aum Shinrikyo and Al-Qaida", *Studies in Conflict and Terrorism* 22 (4) (1999), s.278, 301.

⁷² RAND Corporation, "Holy Terror: The Implications of Religious Terrorism".

Som vi har sett til no synest det klart at terrorgrupper framleis har ei manglande interesse for sivile infrastrukturmål og at i den grad denne type mål blir ramma, er det oftast som følgje av at dei er åstad for ein terroraksjon, heller enn at den sivile infrastruktur er eit mål i seg sjølv. I kva grad er det då eit *terror*-trugsmål mot sivil infrastruktur i Norge, sett i lys av at infrastruktur i seg sjølv ikkje er prefererte terrormål og at Norge til no berre har hatt sporadiske innslag av terrorisme? Det kan vere grunn til å ikkje rette alt fokuset mot *terrortrugsmål* mot sårbar infrastruktur i fredstid, men heller trugsmål frå andre typar aktørar mot denne infrastrukturen. Samstundes må det understreka at terror- og sabotasjetrugsmålet mot visse infrastrukturmål sannsynlegvis vil vere høgare i spente krisesituasjonar. Dette temaet fell utanfor denne studien. Vi skal berre så vidt koma inn på denne problemstillinga nedanfor ved å sjå på terrortrugsmålet i samband med deltaking i internasjonale fredsoperasjonar.

5.3 Terrorisme og internasjonale fredsoperasjonar

Det er mykje uvisse knytt til om eit aukande internasjonale engasjement vil bidra til å auke faren for internasjonal terrorisme i Norge. Den rolla Norge har spela i fredsprosessen i Midtausten har tilsynelatande ikkje påverka terrortrugsmålet i særleg grad. Terroraksjonar i Europa utført av radikale palestinske grupper har gått mykje ned på 1990-talet. Det var derimot eit betydeleg terrortrugsmål mot dei statane som deltok med stridande styrkar i krigføringa mot Irak i 1991, noko Norge ikkje gjorde. I tillegg til at talet på aksjonar som vart avverja var relativt høgt, vart det også registrert ein signifikant auke i talet på gjennomførte terrorhandlingar under Golfkrisa. Det er likevel verdt å merke seg at dei fleste terroraksjonane utførte i tilknytning til Golfkrisa vart utførte av allereie eksisterande innanlandske terrorgrupper mot innanlandske mål og i mindre grad av irakiske agentar eller Irak-støtta terrorgrupper.⁷³

Det finst også andre døme på internasjonal terrorisme mot europeiske statar som eit resultat av deira militære internasjonale engasjement. Den omfattande terrorkampanjen i Frankrike i siste halvdel av 1995 utført av den algirske gruppa *Væpna Islamsk Gruppe* (GIA) var ein protest mot fransk militær og økonomisk stønad til det algeriske militærregimet. Gjenopptakinga av den militære luftkrigen mot Irak i 1998 var mest sannsynleg den viktigaste utløyssande årsaka til terroråtak mot USA sine ambassadar i Tanzania og Kenya. USA, i første rekkje amerikanske interesser og fasilitetar i utlandet, har vore eit utsett mål for internasjonal terrorisme på grunn av USAs kontroversielle militære nærvær og inngripen i Midtausten. Russland sitt militære engasjement mot utbrytarrepublikken Tsjetsjenia kan ha utløyst dei omfattande bombeåtak i Moskva, St Petersburg og andre russiske byar, men det er framleis mykje uvisse knyta til gjerningsmennene bak desse aksjonane.⁷⁴ Denne bruken av massevaldsterror som ein del av ein kamp for nasjonalt sjølvstende, er ikkje ukjent i historisk samanheng⁷⁵, og kan tene som eksempel til etterfølging for andre grupper. Trugsmål om ein internasjonal terrorkampanje mot NATO-land vart derimot ikkje realisert av regimet i Beograd under Kosovo-krisa, kan hende fordi Beograd-regimet mangla tradisjonar for bruk av *internasjonal* terrorisme som utanrikspolitisk verkemiddel.⁷⁶ Det var fleire døme på terroråtak av innanlandske grupper i blant

⁷³ Tore Bjørge, "Terrortrusselen i forbindelse med Gulfkrigen".

⁷⁴ Det har bl a versert rykter om at russiske tryggingsteneste har vore implisert i desse aksjonar.

⁷⁵ Terroråtak av sionistiske grupperingar mot britiske mål i Palestina på 1940-talet var blant dei mest blodige terroråtak i vårt hundreår.

⁷⁶ Det vart framsett ein del trugsmål mot norske offiserar som deltok i luftkrigen.

anna Tyrkia, Hellas og Canada der krigen i Kosovo truleg tente meir som eit påskott for å gjennomføre nye aksjonar heller enn som ein hovudmotivasjonsfaktor.⁷⁷

Historisk sett har terrorisme som strategi hatt størst gjennomslagskraft mot koloniale regime, mao mot eit utanlandsk militært og politisk nærver. Årsaka er sannsynlegvis at den politiske viljen til å oppretthalde eit slikt nærver er lågare enn når eigne nasjonale og territoriale mål står på spel.⁷⁸ Terroraksjonar mot internasjonale freds- og tvangsoperasjonar kan derfor teoretisk sett vere eit potent verkemiddel for grupperingar og statar som ynskjer fredsstyrken fjerna. Fleire historiske døme kan tyde på dette. Ei gruppe tilknytta den libanesiske islamistgeriljaen *Hizballah* i Libanon gjennomførte ein av historias mest spektakulære sjølvmondsaksjonar mot amerikanske marinesoldatar frå Den Multinasjonale Styrken (MNF II) i Beirut i 1983 der 243 menneske vart drepane. Dette bidrog sterkt til at USA bestemte seg for å trekkje ut fredsstyrken nokre månader seinare. Den låge terskelen for tap av menneskeliv i internasjonale operasjonar som ikkje blir sett på som vitale, kan derfor i teorien bidra til å gjere terroraksjonar til eit attraktivt verkemiddel.⁷⁹ Dersom Norge vel å delta i kontroversielle internasjonale militære operasjonar, kan ein såleis ikkje sjå bort frå at terrortrugsmålet blir mykje større enn det ein har sett til no. Førebels manglar vi gode empiriske studiar om desse samanhengane.⁸⁰

5.4 Olje- og gassinallasjonar som terror- og sabotasjemål

Norge står i ei særstilling internasjonalt gjennom vår rolle som energileverandør til Europa. Veksten i norsk olje- og gassproduksjon har gjort Norge til ein av verdas leiande energieksporørar. Vurderinga av terrortrugsmålet mot denne sårbare nøkkelindustrien har lenge vore på agendaen.⁸¹ Forslaga om ei utviding av Forsvarets Spesialkommando i 1999 kom blant anna på bakgrunn av frykt for terroranslag mot den veksande oljeverksemda.⁸² Det er fleire nye forhold som kan tilseie at terrortrugsmålet i tilknytning til oljeverksemda ikkje bør undervurderast. Fleire sentrale europeiske nasjonar er no meir avhengige av norsk petroleumseksport enn tidlegare, noko som kan dra Norge inn i vanskelege konfliktsituasjonar, til dømes ved at ei terrorgruppe framset krav og trugsmål om at Norge skal innstille olje- og gasseksporten til eit av våre europeiske partnerland. Eit alvorleg terror- og sabotasjetrugsmål

⁷⁷ Eit døme frå Canada var relativt uskuldig: "An anonymous group has been vandalizing CF property on Vancouver Island to protest against Canada's involvement in the bombing of Yugoslavia. The attacks began at the beginning of April with the severing of support wires for a military radio tower, and the burning down of a shack at a military rifle range. The group has issued two communiques calling the NATO bombings "violent imperialist activities"..." Danford W Middlemiss (red) *Defence Newsletter* 18 (4) april 1999 (Canada: Centre for Foreign Policy Studies, 1999) <http://is.dal.ca/~centre/dnews-18-4.htm>, s.21

⁷⁸ Sjå f eks den teoretiske diskusjonen om væpna kamp og statsbygging under ulike type regimer i Hillel Frisch, *Countdown to Statehood: Palestinian State Formation in the West Bank and Gaza* (Albany: State University of New York Press, 1998), s.3ff.

⁷⁹ Det er imidlertid blitt retta kritikk mot tesen om at aversjonen mot tap av eigne menneskeliv har gjort USA og vesteuropeiske statar impotente i militær samheng. David Tucker har argumentert for at viljen til å ta tap er til stades, forutsett at det er ei god grunngeving for at dette er nødvendige offer. Tucker meiner at folkeleg støtte i USA til militært engasjement i utlandet ikkje er så avhengige av tapstal om mange hevdar, og at synet på Somalia-aksjonen var ikkje berre ein funksjon av tap av menneskeliv. "Casualties did no force us out of Somalia, and they may even have produced at least an initial desire to get more assertive or to get even with Aideed." David Tucker, "Fighting Barbarians", *Parameters: US Army War College Quarterly* (sommar 1998), s.69-79.

⁸⁰ FFI-prosjektet "Terrorisme og asymmetrisk krigføring (TERRA)" har ein delaktivitet om temaet terrorisme og internasjonale operasjonar og vil ha eit studie ferdig hausten 2000.

⁸¹ Sjå til dømes Tore Bjørge, *Maritim terrorisme*.

⁸² Per Anders Johansen, "Forsvaret frykter terroranslag i Nordsjøen: Vil utvide spesialstyrken", *Aftenposten* 8 juni 1999.

mot oljeaktiviteten vil vere meir sannsynleg i eit krisescenario der nettopp statar eller statsstøtta aktørar ynskjer å ramme olje- og gassforsyningane til Europa. Slike krisescenario kan oppstå i samband med internasjonale militære tvangsoperasjonar.

Det er også teoretisk sett ein fare for at Statoil sitt aukande internasjonale engasjement, spesielt i den konfliktfylte Kaukasus-regionen, kan auke faren for at olje- og gassinfrastrukturen i Norge blir sett på som eit mogleg terror- og sabotasjemål. Ein kjenner til fleire historiske døme på at terroraksjonar har blitt gjennomført som ein protest mot aktivitetane til multinasjonale konsern i Den tredje verda, i første rekkje aksjonar av venstreradikale grupperingar i Europa og USA, som hevda å handle på vegne av Den tredje verda.⁸³ I takt med IT-revolusjonen og den generelle veksten i petroleumssektoren har moglege mål for ei oppfinnsam sabotasje- eller terrorgruppe auka. Fråvéret av venstreradikal terrorisme i Norge bidreg likevel til at denne type terroråtak er mindre sannsynleg.

6 UTFORDRINGAR FOR NORSKE STYRESMAKTER

Terroråtak og sabotasje mot infrastrukturmål er ikkje ein hyppig forekommande strategi for terrorgrupper i fredstid. Åtak mot denne type mål kan ein ikkje sjå bort frå, men terrorgrupper har berre i liten grad retta aksjonane sine mot sivil infrastruktur, kanskje med unntak av militante miljøvernaktivistar og dyrevernsforkjemparar. Dette studiet har ikkje vurdert sabotasjetrugsmål frå andre type aktørar enn tradisjonelle terrorgrupper (f eks, kriminelle organiserte grupper, individuelle misnøgde tilsette eller hackarar). Vi har heller ikkje i særleg grad vurdert sabotasjetrugsmålet mot sivil infrastruktur frå statlege aktørar i svært spente krisessituasjonar.

I den grad norske styresmakter ynskjer å prioritere tiltak mot moglege terroranslag kan det vere grunn til å åtvare mot eit einseitig fokus på terror- og sabotasjetrugsmålet mot sårbar infrastruktur. Jamvel om potensielle anslag mot nasjonal infrastruktur kan ha alvorlege konsekvensar og store negative ringverknader for samfunnet, er det viktig å merke seg at denne type infrastrukturåtak har vore nært knytt til dei såkalla Spentsnaz-trugsmålet under Den kalde krigen og i langt mindre grad til sub-statlege terrorgrupper i fredstid. Som vi allereie har vist har terroraksjonar mot sivil infrastruktur utgjort ein forsvinnande liten del av internasjonal terrorisme dei seinare åra. Anslag mot infrastrukturmål har vore noko større når det gjeld nasjonale og innanlandske terrorgrupper, men dette er ei form for terrorisme som Norge historisk sett har hatt svært lite av. Det er få indikasjonar på at terrortrugsmålet frå innanlandske grupper skal auke. I ei stadig meir globalisert verd er det likevel grunn til å frykte at grensene mellom innanlandsk og internasjonal terrorisme kan bli meir utydelege. Norge som eit tradisjonelt lågrisikoland kan derfor kome til å bli meir utsett for “spill-over” av internasjonal terrorisme. Faren for at Norge blir eit direkte mål for internasjonale terrorgrupper vil truleg vere liten, medan faren for at Norge kan bli ein arena for internasjonale terrorgrupper kan ein ikkje sjå bort frå, blant anna fordi Norge har liten erfaring i å takle denne type hendingar.

⁸³ Blant anna ei rekkje aksjonar av den California-baserte *New World Liberation Front* i perioden 1974-1978 mot AT & T sine kontor på vestkysten i USA pga selskapet si påståtte rolle i kuppet mot President Salvador Allende i Chile i 1973. Jeffrey Ian Ross and Ted Robert Gurr, “Why Terrorism Subsides: A Comparative Study of Canada and the United States”, *Comparative Politics* 21 (1989), s.420-421.

Terrorisme handlar i første rekkje om trugsmål mot menneske og menneskeliv. Mykje tyder på at terroråtak kan få mykje dødelegare omfang i dag enn for nokre tiår sidan, trass i at ein har sett ein nedgang i talet på terrorhandlingar. Dette inneber at det trugsmålet som terrorisme representerer totalt sett er blitt større enn før. I den grad trenden mot massedødsterrore blir tydelegare i åra som kjem, bør ein rette fokus mot sårbare mål for nettopp denne type terroråtak. Utanlandske og spesielt amerikanske mål i Norge vil vere potensielle mål for ei rekkje terrorgrupper, inkludert grupper med låge tersklar for massedødsterrore. Samstundes bør ein vie merksemd til den type mål, inkludert infrastrukturmål, som nettopp kan føre til massedød.⁸⁴

Det kan også vere grunn til å framheve behovet for eit auka fokus på beredskap mot MØV-terrorisme og *krisehandtering i etterkant av eit terroråtak med primitive ABC-verkemiddel*. Norske styresmakter bør gjennomgå eksisterande planverk, personell, kompetanse og ressurstilgang for å teste beredskap mot terroråtak som tek sikte på å forårsake massedrap anten gjennom konvensjonelle eller ikkje-konvensjonelle verkemiddel. Dei legale problema som i dag vanskeleggjer bruk av Forsvarets personell og ressursar i krisesituasjonar bør takast opp til vurdering. I tilfelle ein vurderer å bruke Forsvarets ressursar og personell i større grad enn i dag, må tilstrekkelege ressursar vere disponible for dette slik at personell får utstyr for, og ikkje minst opplæring og øving i å takle dei utfordringane dei er tiltenkte.⁸⁵

Like viktig som beredskap for krisehandtering er *evna til tidleg deteksjon og preventive tiltak*. Ein bør derfor vurdere i kva grad norske styresmakter innehar tilstrekkeleg evne til å førebygge og hindre denne type åtak, med spesielt fokus på etterretningssida. Framveksten av nye ukjende aktørar (for eksempel religiøse sekter) og einskildpersonar utan tilknytning til etablerte terrorgrupper representerer ei langt vanskelegare etterretningsutfordring enn å overvake etablerte terrororganisasjonar. Som vi har peika på er trusselsbiletet når det gjeld terrorfaren i raskt endring, noko som gjer det vanskeleg å seie noko sikkert om førekomsten av terrorisme i framtida. Tidleg deteksjon krev auka analysekapasitet og anvending av eit breitt spekter av fortolkningsmoglegheit for å setje saman samanfallande trusselsindikasjonar. Det er derfor viktig å peike på behovet for at våre etterretningsmiljø har den tilstrekkelege strategiske analysekapasitet til blant anna å knyte saman overordna tryggingsspolitiske endringane med det skiftande etterretningsbiletet.

Aukande internasjonalt samkvem, migrasjon og eit raskt skiftande globalt konfliktlandskap stiller etterretningstenestene overfor eit stadig større utfordring som kan nødvendiggjere ein gjennomgang av ressurstilgang og kompetansesituasjonen. Ei oppgradering av den nasjonale etterretningskapasiteten kan vere ein nødvendig del av tiltakspakkene for å møte dei nye transnasjonale tryggingssutfordringane som terrorisme er ein viktig del av.

⁸⁴ Styresmaktene bør kan hende vurdere om eksisterande krav til fysisk sikring av denne type mål er tilstrekkelege (bl a moglegheitene for oppgradering av sikringstiltak i krisesituasjonar). Det kan til døme visse typar kjemiske fabrikkar og anlegg, delar av togtransporten, samt høge bustadblokker og bygningar. Ei av dei verste ulykkene i fredstid vart forårsaka av lekkasje av dødeleg gass frå eit industrianlegg i Bhopal i India med fleire tusen døde som resultat. Dei verste terroraksjonane i europeisk historie var fjorårets terroraksjonar mot bustadblokkar i Moskva, Volgodonsk og Bujnask i løpet av august 1999 med 223 drepne, bombeeksplosjonar på ein togstasjon i Bologna i Italia i 1980 der 85 menneske vart drepne og ikkje minst bombinga av Pan Am flyet over Lockerbye i Skottland i 1989.

⁸⁵ Opplæring av visse kategoriar forsvarspersonell i polisiære vakt- og sikringsoppgåver under strenge "rules of engagement" vil også kunne inngå som eit ledd i Forsvarets restrukturering for større internasjonal deltaking i fredsoperasjonar.

7 LITTERATURLISTE

Arnesen, Odd Harry, "EMC Zurich 99", *FFI-Reiserapport-99/01761* (16 april 1999).

Ballard, James David, "A Preliminary Study of Sabotage and Terrorism as Transportation Risk Factors Associated with the Proposed Yucca Mountain High-Level Nuclear Facility" (Grand Valley University, juli 1998) <http://www.state.nv.us/nucwaste/trans/jballard.htm>.

Bjørøgo, Tore, "Sabotasje og terrorisme som trussel mot infrastruktur i Norge – med eksemplet damanlegg og kraftforsyning" (Foredrag på seminar for Sårbarhetsutvalget 9 november 1999).

— *Maritim terrorisme: En trussel mot norsk skipsfart og oljevirkosomhet?* (Oslo, NUPI rapport nr.146, 1990).

— "Terrortrusselen i forbindelse med Gulfkrigen", *Internasjonal Politikk* 50 (3) (1992), s.245-257.

Bodansky, Yossef, *Bin Laden: The Man Who Declared War on America* (Rocklin, California: Forum, Prima Publishing, 1999).

Campbell, James K, "Excerpts from Research Study 'Weapons of Mass Destruction and Terrorism: Proliferation by Non-state Actors' ", *Terrorism and Political Violence* 9 (2) (1997).

Canadian Security Intelligence Service, "Trends In Terrorism" (Canada: CSIS, Report # 2000/01, desember 18, 1999, unclassified).

Carter, Ashton, John Deutsch and Philip Zelikow, "Catastrophic Terrorism: Tackling the Danger", *Foreign Affairs* 77 (6) (november / desember 1998).

Chomsky, Noam, "International Terrorism: Image and Reality", *Crime and Social Justice* Nr27-28 (1987), s.172-200.

Combs, Cindy, *Terrorism in the Twenty-First Century* (New Jersey: Prentice Hall, 1997).

Denning, Dorothy, *Information Warfare and Security* (Addison, Wesley: Longman, Inc., ACM Press, 1999).

Golod, G. V. Bass and B. Cordes, "Actions Against Nonuclear Energy Facilities: September 1981-September 1982", *Rand Notes* No.N-1980-SL (Washington and Santa Monica: Rand Corporation, 1983).

Bradley, Graham, "U.S. Gearing Up Against Germ War Threat", *Washington Post* 14. desember 1997.

Gurr, Ted Robert, "Empirical Research on Political Terrorism", Robert O Slater and Michael Stohl (red.) *Current Perspectives on International Terrorism* (London: Macmillan, 1988).

Heradstveit, Daniel, "Norge og internasjonal terrorisme", *NUPI-notat* Nr.443 (april 1991).

— "Terrorismen i Algerie", *Internasjonal Politikk* 55(2) (1997), s.179-207

Daniel Heradstveit and Tore Bjørgo, "Politisk vald og terrorisme i Norge", *NUPI-Notat* Nr.5 (Oslo: NUPI, 1988).

Herman, Edward S, "U.S. Sponsorship of International Terrorism: An Overview", *Crime and Social Justice* Nr.27-28 (1987), s.1-31.

Hoffmann, Bruce, *Inside Terrorism* (London: Victor Gollancz, 1998).

Engene, Jan Oskar, *Europeisk terrorisme: Vold, stat og legitimitet* (Otta: Tano, 1994).

Guelke, Adrian, *The Age of Terrorism and the International Political System* (London and New York: I. B. Tauris, 1995, 1998).

International Institute for Strategic Studies, "A New Face of Terrorism?", *Strategic Survey 1998-99* (Oxford: Oxford University Press, 1998).

Jerlerup, Torbjørn, "Miljørørelsens 'Hell's Angels'", *Ny Solidaritet* (6 November 1997)
<http://www.nysol.se/arkiv/miljo/psinger2.html>.

Johansen, Per Anders, "Forsvaret frykter terroranslag i Nordsjøen: Vil utvide spesialstyrken", *Aftenposten* 8 juni 1999.

Jongman, A J, "Trends in International and Domestic Terrorism in Western Europe, 1968-1988", Alex Schmid og Ronald Crelinsten (eds) *Western Responses to Terrorism* (London: Frank Cass, 1993).

Kalyvas, Stathis, "Wanton and Senseless? The Logic of Massacres in Algeria", *Rationality and Society* 11 (3) (1999), s.243-285.

Kaplan, Jeffrey, "Leaderless Resistance", *Terrorism and Political Violence* 9 (3) (1997).

Laqueur, Walter, "Postmodern Terrorism, New Rules for an Old Game", *Foreign Affairs* 75 (5) (september / oktober 1996).

Leader, Stefan, "Osama Ben Laden and the Terrorist Search for WMD", *JANE's Intelligence Review* (juni 1998), s.34-37.

Lee, Martha, "Violence and the Environment: The Case of 'Earth First' ", Michael Barkun (red.) *Millennialism and Violence* (London: Frank Cass, 1996), s.109-127.

Levin, Brian, "The Patriot Movement: Past Present, and Future", Harvey W Kushner, (red.) *The Future of Terrorism: Violence in the New Millennium* (London: Sage Publications, 1998), s.97-131.

Lia, Brynjar, "Aspects of Contemporary International and Domestic Terrorism", Key Note Speech på NATO/EAPC-seminar i Tasjkent, Uzbekistan 7 – 8 oktober 1999 om 'Co-operation for Security and Stability in Central-Asia' ”.

— "Reiserapport frå NATO/EAPC-seminar i Tasjkent 7 -8 oktober 1999 om 'Samarbeid for tryggleik og stabilitet i Sentral-Asia' ”, *FFI-REISERAPPORT – 99/05101* (Kjeller: Forsvarets Forskningsinstitutt, oktober 1999).

Lia, Brynjar og Skjølberg Katja H-W, "Why Terrorism Occurs - A Review of Research Literature on the Causes of Terrorism", *FFI/RAPPORT-2000/02769* (Kjeller: Forsvarets Forskningsinstitutt, juni 2000).

Lia, Brynjar og Annika S Hansen, "Globalisation and the Future of Terrorism: Patterns and Predictions", *FFI-REPORT 2000/01704*, (Kjeller: Forsvarets Forskningsinstitutt, juni 2000).

— "Asymmetri .. asymmetriske trusler .. asymmetrisk krigføring – Ein gjennomgang av bruken av asymmetribegrepet i tryggingpolitisk og militærteoretisk litteratur", *FFI-RAPPORT 2000/01718*, (Kjeller: Forsvarets Forskningsinstitutt, juni 2000).

— "Analytical Framework for the Study of Terrorism and Asymmetric Warfare", *FFI-REPORT 99/04218* (Kjeller: Forsvarets Forskningsinstitutt, oktober 1999).

— "Reiserapport frå 'Senior Executive Course on Terrorism and Counterterrorism' ved George C Marshall Center for Security Studies, Garmisch Partenkirchen, Tyskland 13-24 september 1999", *FFI-REISERAPPORT – 99/0000* (Kjeller: Forsvarets Forskningsinstitutt, november 1999).

Lund, Cathrine Pia, *Norsk Anti-terrorpolitikk Kartlegging, systematisering og analyse av norske tiltak mot terrorisme* (Oslo, Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo, hovudoppgåve, vår 1993).

Middlemiss, Danford W (red.) *Defence Newsletter* 18 (4) April 1999 (Canada: Centre for Foreign Policy Studies, 1999) <http://is.dal.ca/~centre/dnews-18-4.htm>.

Mærli, Morten Bremer, *Atomterrorisme* (Oslo: NUPI, 1999).

RAND Corporations, "Holy Terror: The Implications of Religious Terrorism", *RAND Corporation Newsletter 'On the Agenda'* (Winter 1994).

Roberts, Brad (red.) *Terrorism with Chemical and Biological Weapons: Calibrating Risks and Responses* (The Chemical and Biological Arms Control Institute, Washington, 1997).

Ross, Jeffrey Ian and Ted Robert Gurr, "Why Terrorism Subsides: A Comparative Study of Canada and the United States", *Comparative Politics* 21 (1989), s.405-426.

Sandler, Todd, "The Future Challenges of NATO: An Economic Viewpoint", *Defense and Peace Economics* 8 (4) (1997), s.319-353.

Schmid, Alex P. og Albert J. Jongman et al., *Political Terrorism: A New Guide to Actors, Authors, Concepts, Data Bases, Theories and Literature* (Amsterdam: SWIDOC, 1988).

Schmid, Alex P. og Donald D. Crelinsten (eds.) *Western Responses to Terrorism* (London: Frank Cass, 1993/1998).

Smith, Dr G Davidson (Tim), "Single Issue Terrorism", *Commentary: A Canadian Security Intelligence Service Publication* Nr.74 (vinter 1998).

Snyder, Jack L, *From Voting to Violence: Democratization and Nationalist Conflict* (New York; W.W.Norton, 2000).

Sprinzak, Ehud, "The Great Superterrorism Scare", *Foreign Policy* 112 (haust 1998).

Sviland, May Kristin, *Eksterne forhold som kan medføre en storulykke ved Shell-Raffineriet på Sola med hovedvekt på sabotasje* (Stavanger: Høgskulen i Stavanger, sivilingeniørutdanninga, hovedoppgåve, vår 1999).

Taylor, Bron, "Religion, Violence and Radical Environmentalism", *Political Violence and Terrorism* 10 (4) (vinter 1998), s.1-42.

The Economist, "The New Terrorism: Coming Soon to a City Near You" (15 august 1998).

Tucker, Jonathan, "Asymmetric Warfare", *Forum for Applied Research and Public Policy* (sommar 1999) (<http://forum.ra.utk.edu/summer99/asymmetric.html>).

Tucker, David, "Fighting Barbarians", *Parameters: US Army War College Quarterly* (sommar 1998), s.69-79.

Vinhagen, Stellan, "Vad har vi att lära av de militanta veganerna?", *Tidningen Yelah* No.3 (6 March 2000) <http://yelah.micropp.se/articles/milve>.

Volgy, Thomas J., Lawrence E Imwalle og Jeff J Corntassel, "Structural Determinants of International Terrorism: The Effects of Hegemony and Polarity on Terrorist Activity", *International Interactions* 23 (2) (1997), s.207-231.

Weimann, Gabriel and Hans-Bernd Brosius, "The Predictability of International Terrorism: A

Time-Series Analysis”, *Terrorism* 11 (6) (1988), s.491-502.

Whine, Michael, “Islamist Organizations on the Internet”, *Terrorism and Political Violence* 11 (1) (vår 1999), s.123-132.

Wilkinson, Paul, “The Strategic Implications of Terrorism”, (Paper for the International Institute for Strategic Studies 41st Annual Conference, San Diego, 8-11 September 1999).

FORDELINGSLISTE

FFISYS
Dato: 26 May 2000

RAPPORTTYPE (KRYSS AV) <input checked="" type="checkbox"/> RAPP <input type="checkbox"/> NOTAT <input type="checkbox"/> RR	RAPPORT NR. 2000/01703	REFERANSE FFISYS/776/161.1	RAPPORTENS DATO 26 mai 2000
RAPPORTENS BESKYTTELSESGRAD UGRADERT		ANTALL EKS UTSTEDT 109	ANTALL SIDER 32
RAPPORTENS TITTEL ER SIVIL INFRASTRUKTUR SANNSYNLIGE MÅL FOR TERRORGRUPPER I FREDSTID? Nokre førebelse konklusjonar om terrorisme som tryggingpolitisk utfordring i Norge		FORFATTER(E) LIA Brynjar	
FORDELING GODKJENT AV FORSKNINGSSJEF:		FORDELING GODKJENT AV AVDELINGSSJEF:	

EKSTERN FORDELING
INTERN FORDELING

ANTALL	EKS NR	TIL	ANTALL	EKS NR	TIL
1		FD	14		FFI-Bibl
1		V/Ekspedisjonssjef Svein Efstad	1		Adm direktør/stabssjef
1		V/ Førstekonsulent Arild Eikeland	1		FFIE
			1		Odd Harry Arnesen
1		UD	1		FFIBM
1		V/ Statssekretær Espen Barth Eide	1		Steinar Høibråthen
1		V/ Førstekonsulent Ingunn T Nakkim	1		Jan Blanch
			1		FFISYS
1		FO/O	1		Ragnvald H Solstrand
1		V/Oblt Frank Welde	1		Bent Erik Bakken
1		V/Morten Moe	1		Jan Erik Torp
			1		Tor Bukkvoll
1		FO/SENST	1		Geir Enemy
1		V/Oblt Anders Lundesgaard	1		Lars H Finstad
			1		Håvard Fridheim
1		FO/S	1		Alf Granviken
1		V/Førstekonsulent Hans M Synstnes	1		Tonje Grunnan
			1		Janne M Hagen
1		FO	1		Annika S Hansen
1		V/Forsker Nils Marius Rekkedal	1		Iver Johansen
			1		Anders Kjølberg
1		NUPI	1		Bjørn Olav Knutsen
		Pb 8159 Dep	15		Brynjar Lia
		0033 Oslo	1		Kjell Olav Nystuen
1		V/Direktør Sverre Lodgaard	1		Frode H Omang
1		V/Forsker Tore Bjørge	1		Siv Kjersti Rodal
1		V/Forsker Daniel Heradstveit	1		Kjell-Ove Orderud Skare
1		V/ Forsker Ståle Ulriksen	1		Jonny Otterlei
1		V/ Stipendiat Tor Tanke Holm	1		Katja H-W Skjølberg
1		V/ Forsker Morten Bremer Mærli	1		Paul Visnes
			1		Rolf-Inge Vogt Andrésen
1		Direktoratet for sivilt beredskap (DSB)			FFI-veven
1		V/Underdirektør Ole Christian Ulleberg			

FFI-K1

Retningslinjer for fordeling og forsendelse er gitt i Oraklet, Bind I, Bestemmelser om publikasjoner for Forsvarets forskningsinstitutt, pkt 2 og 5. Benytt ny side om nødvendig.

EKSTERN FORDELING

INTERN FORDELING

ANTALL	EKS NR	TIL	ANTALL	EKS NR	TIL
1		Politiets overvåkingstjeneste (POT)			
1		V/Politiførstebetjent Einar Einarsen			
1		V/Rådgiver Ellen Thelin Haugestad			
1		Statens Strålevern, Griniparken 13 Pb 55, 1332 Østerås			
1		V/Forskar Stine Lødmyr			
1		FOKIV			
2		FHS			
2		FSTS			
1		HFS			
1		KS			
1		SKSK			
1		LKSK			
1		IFS, Tollbugt. 10, 0152 Oslo			
1		PRIO, Fuglehauggt. 11, 0260 Oslo			
1		V/Nils Petter Gleditsch			
1		Nobelinstituttet Drammensvn 19, 0255 Oslo			
1		Den Norske Atlanterhavskomiteé Fridtjof Nansens Pl 6, 0160 Oslo			
1		FOA, Tegeluddsvägen 31, S 172 90 Stockholm, Sverige			
1		V/Gunnar Jervas			
1		Universitetet i Bergen, ISP, Christiegt.15, 5007 Bergen V/Førsteamanuensis Jan Osker Engene			
1		Folkehelsa, Pb 4404, 0403 Oslo V/Preben Aavitsland			
1		FNI, Fridtjof Nansens vei 17, Pb 326, 1326 Oslo V/Direktør Kåre Willoch			